

Arbeidsnotater

S T A T I S T I S K S E N T R A L B Y R Å

Dronningensgt. 16, Oslo-Dep., Oslo 1. Tlf. 41 38 20

IO 76/38

10. desember 1976

KRYSSLØPSKORRIGERTE ENERGIKOEFFISIENTAR UTREKNA VED HJELP AV MODIS IV

av

Petter Longva

INNHOLD

	Side
1. Innleiing	2
1.1. Prinsipp og definisjonar	2
1.2. Val av metode ved bruk av ein kryssløpsmodell	3
1.3. Tilpassinga av MODIS IV	7
1.4. Handsaminga av importen	8
1.5. Andre føresetnader	8
2. Fordeling av energiforbruket på sektorane	10
2.1. Fordelinga av forbruket av fast brensel	10
2.2. Fordelinga av oljeforbruket	10
2.3. Fordelinga av elektrisitetsforbruket	11
2.4. Oversikt over datainput i modellen	11
3. MODIS IV	15
3.1. Generelt om MODIS IV	15
3.2. Om kvantumsmodellen	15
3.3. Omforming av innsatsfaktormengdene	16
3.4. Likningssystemet i kvantumsmodellen	16
3.5. Importmodellane	17
3.5.1. Den konkurrerande importen	17
3.5.2. Den ikkje-konkurrerande importen	18
3.6. Lager	18
3.7. Inverteringa av kvantumsmodellen	19
3.8. Kapitalslit	21
4. Ressursbruken og MODIS IV	24
4.1. Omforming av ressursbruken til aktivitetsspesifikasjon	24
4.2. Kryssløpskorrigerte koeffisientar	24
4.3. Retting av koeffisientane	25
4.3.1. Den ikkje-konkurrerande importen	25
4.3.2. Overgang mellom offentleg produksjon og offentleg konsum	26
4.3.3. Gebyrvarene	26
5. Presentasjon av resultata	27
Vedlegg A: Detaljar i analysen	39
Vedlegg B: Delar av Statistisk Ukehefte 33/74, 47/74 og 13/76	53
Vedlegg C: Referansar	55

FØREORD

Idéen til analysen fekk eg vinteren 1975 under eit korttidsengasjement i Rådet for Natur- og Miljøfag ved Universitetet i Oslo. Etter at idéen var godkjent som opplegg til spesialoppgåve, og eg hadde fått Steinar Strøm som rettleiar, fekk eg eit korttidsengasjement ved Økonomisk analysegruppe i Statistisk Sentralbyrå for å utføre analysen sommaren 1976. På den tida rakk eg mesteparten av grov arbeidet. Skrivinga blei gjort i løpet av hausten og fullført under eit nytt engasjement i desember 1976.

Anne Hustveit har heile tida hatt ansvaret for programmeringa og EDB-køyringane for analysen. Det ville ha vore uråd for meg å handtere MODIS utan hennar hjelp. Elles har Svein Longva lese manuskriptet og kome med framlegg til endringar. I tillegg til dei tre som er nemnt ovafor vil eg takke andre tilsette ved Analysegruppa for all råd og hjelp under arbeidsgangene.

Desember 1976

Petter Longva

1. Innleiing

Denne analysen har til føremål å fordele energibruken i Norge i 1974 på produksjonssektorane. Denne fordelinga er så brukt til å fordele energibruken etter sluttleveringskategoriar og å gi energikoeffisientar, dvs. energibruk pr. krone av dei ymse sluttleveringskategoriane.

Energi kan sjåast på som ein primærinnsats på linje med kapital, arbeidskraft og land. Nærast er samanhengen med land: energibruk er bruk av naturressursar (kol og olje blir grave ut, fossar utbygde).

Resultata frå analysen kan brukast til å analysere bruken av naturressursane og vere eit grunnlag for analyser av bruk av avgifter, skattar, rasjonering osb. i energipolitikken.

Eit anna nærliggande bruksområde er å analysere variasjonar i den kryssløpskorrigerte energibruken gjennom konsumet etter sosiale faktorar:

- a) hushaldstype/familiestørleik
- b) yrkesstatusen til hovudinntektstakaren
- c) alderen
- d) inntekt
- e) tettbygd/spreiddbygd strøk

For å kunne fordele energibruken på varene og sluttleveringane, må vi vite korleis varene blir produserte og kven som bruker dei. Utan å gå inn på prisdanninga, og utan å gi kvar enkelt etter-spørjar "ansvaret" for energiforbruket, kan ein bruke eit kryssløppskjema til å fordele energiforbruket i produksjonssektorane på komponentane i sluttleveringane (privat og offentleg konsum, investeringar og eksport). Eit kryssløppskjema gir dei samanhengane ein har mellom sektorane i samfunnet gjennom vare- og tenesteleveringane.

I eit kryssløppskjema er det vanleg å gå ut frå at alle kjøparane av ei vare betalar same pris, og at kvar sektor produserer berre ei vare. Ut i frå desse enkle føresetnadene ville det vere greitt å la dei produksjonssektorane som "vinn ut" energien, spreie han ut gjennom verdistraumane ved å gå ut frå konstant energiinhald pr. måleenining i alle straumane ut frå ein sektor. Prisdiskriminering og aggregeringsproblem gjer at eg må følgje dei fysiske energistraumane eit steg til, også ut av energisektorane og inn i kvar enkelt produksjons- og sluttleveringssektor. For å kunne følgje straumane, må eg klassifisere varene i energiberarar og vanlege (andre) varer. Energiberarane er dei varene som blir brukte til å måle dei fysiske energistraumane inn i og ut av sektorane.

1.1. Prinsipp og definisjonar

- Primære energikjelder skal på ein eller annan måte måle bruken av naturressursar til energiføremål. Totaltilgangen på energi blir målt gjennom primærkjeldene for energi. I denne analysen er det råolje, kol og vasskraft. Andre primærkjelder er utelatne av di dei betyr lite for energiforsyninga: ved, torv og gasslag som ikkje er framstilte av kol eller olje.

- Energiberarar er i prinsippet varer som på ein eller annan måte kan brukast til å framstille energi. For at analysen skal henge i hop, må energiberarane anten vere primære energikjelder, eller produserte ved hjelp av desse. På same måten som for dei primære energikjeldene, er det berre dei viktigaste som er med: jordoljeprodukt som blir brukt som brennstoff, smørjeolje, kol, koks og elektrisitet.

- Direkte energibruk er definert i høve til sektorar, og er lik det fysiske energiinhaldet i dei energiberarane som går inn i, minus det fysiske energiinhaldet i dei energiberarane som går ut av sektoren.

- Kryssløpskorrigert energibruk er definert i høve til vare eller til shuttleveringssektorar (-aktivitetar), og er lik direkte og indirekte energibruk i framstillinga av vara. Dette begrepet blir i anna amerikansk og norsk litteratur kalla energikostnad (Energy Cost). Denne "kostnaden" har ingenting med pengar å gjere og den begrepsbruken kan vere misvisande.

- Direkte energikoeffisientar i ein sektor er direkte energibruk i sektoren dividert med bruttoproduktet (sektornivået).

- Kryssløpskorrigerte energikoeffisientar i ein sektor (for ei vare) er lik den kryssløpskorrigerte energibruken dividert med sektornivået (verdien av varestraumen).

Dersom vi på ein eller annan måte har fått vite kryssløpskorrigert energibruk for kvar vare, skal dette skjemaet stemme for kvar sektor:

$$\boxed{\text{Kryssløpskorrigert energibruk til innsatsfaktorane}} + \boxed{\text{Direkte energibruk i sektoren}} = \boxed{\text{Kryssløpskorrigert energibruk til produkta}}$$

For heile landet sett under eitt, blir balansen slik:

$$\boxed{\text{Direkte energibruk i Norge}} + \boxed{\text{Kryssløpskorrigert energibruk til importen}} = \boxed{\text{Kryssløpskorrigert energibruk til shuttleleveringane}}$$

Den første boksen tek med all direkte energibruk, anten energien er importert eller ikkje.

1.2. Val av metode ved bruk av ein kryssløpsmodell

Ein kryssløpsmodell er kort sagt eit kryssløppskjema som blir brukt på ein spesiell måte og der ein gjer visse føresetnader (m.a. om faste forhold mellom innsatsvaremengder og produktmengder).

Eg vil gå gjennom eit rekneksempel for å vise korleis ein enkel kryssløpsmodell fungerer, og problem i samband med bruken av ein slik modell:

Denne modellen har ingen import, og det er ikkje spesifisert kva slags shuttleleveringar det gjeld. Vi har 3 sektorar og 3 varer:

1. Energisektoren produserer elektrisitet (målt i kWh)
2. Konsumvaresektoren produserer mat
3. Sektor for "Anna vareproduksjon" produserer "andre varer"

Vi går ut frå at varene er så einsarta at dei kan målast i fysiske einingar. (Det har altså ingen mening å summere loddrett.) Ein kan setje opp eit skjema som gir at tilførsel må vere lik forbruk av kvar vare:

		Sektorar			
		Energi-produksjon	Konsumvare-produksjon	Annan vare-produksjon	Slutt-leveringar
Varer	Elektrisitet	10	-2	-6	-2
	Mat	0	10	0	-10
	Andre varer	-4	0	10	-6

Vi ser at linjesummen er null. Positivt forteikn er tilførsel, negativt er bruk av varene. I tillegg til dei opplysningane som står i tabellen, går vi ut frå at energisektoren sjøl bruker 4 kWh elektrisitet. Dersom vi skal produsere 1 eining ekstra av mat, må vi i første omgang produsere 0,2 kWh ekstra

med elektrisitet. Dette fører i neste omgang til at vi må bruke 0.08 kWh (0.2 · 0.4) elektrisitet og 0.08 eininger (0.2 · 0.4) av Andre varer som igjen treng elektrisitet osb. Ved å halde fram denne prosessen kan vi rekne ut det direkte og indirekte energiforbruket så nøyaktig vi vil. Ved å løse eit likningssystem, kan ein straks kome fram til den eksakte løysinga. Koeffisientane i likningsystemet kjem fram ved å gå ut frå at forholda mellom produksjonen og kvar innsatsfaktor er konstante. Ved å dividere kvar kolonne med produksjonen (= 10 i kvar sektor), kjem ein fram til desse forholda, som kan skrivast i ei matrise, slik:

$$\begin{bmatrix} 1 & -0.2 & -0.6 \\ 0 & 1 & 0 \\ -0.4 & 0 & 1 \end{bmatrix}$$

Kollar vi produksjonen i sektor i for s_i og etterspørselen etter vare i for e_i ; kan modellen skrivast:

$$\begin{aligned} s_1 - 0.2s_2 - 0.6s_3 &= e_1 \\ 1s_2 &= e_2 \\ -0.4s_1 + s_3 &= e_3 \end{aligned}$$

Ved å løyse dette systemet, får vi:

$$s_1 = 1.31e_1 + 0.26e_2 + 0.79e_3$$

$$(1) \quad s_2 = e_2$$

$$s_3 = 0.52e_1 + 0.10e_2 + 1.32e_3$$

Vi går ut frå at prisen på alle varene er 1 kr/eining. Ved å multiplisere koeffisientane i første linje med 1,4 (eigenforbruk, jfr. nedst på side 3), får vi kryssløpskorrigerte energikoeffisientar:

$$\begin{array}{lll} \text{Elektrisitet: } & \underline{1.83} & \text{kWh/kr} \\ \text{Mat: } & \underline{0.36} & " \\ \text{Andre varer: } & \underline{1.11} & " \end{array}$$

I denne første utgåva av modellen har eg rekna i fysiske eininger. I alle realistiske kryssløpsmodellar er straumane målt i verdieiningar på grunn av problem med å aggregere (slå saman) mikrovarene til kryssløpsvarer. Dersom dei ymse kjøparane betaler ulik pris, vil dette gjøre at det blir urealistisk å rekne som om alle straumane ut av ein sektor har same energiinhald pr. krone. Dette er særleg viktig for varer som inneholder store energimengder, t.d. elektrisitet.

La oss i rekneeksemplet gå ut frå at gjennomsnittsprisen på alle varene er 1 kr/eining, men at det er prisdiskriminering på elektrisitet: Prisen til sektor 2 er 2 kr/kWh. Sektor 3 betaler 2/3 kr/kWh. Verdikryssløpet blir:

$$\begin{aligned} s_1 - 0.4s_2 - 0.4s_3 &= e_1 \\ s_2 &= e_2 \\ -0.4s_1 + s_3 &= e_3 \end{aligned}$$

Løysinga av dette systemet er slik:

$$s_1 = 1.19e_1 + 0.48e_2 + 0.48e_3$$

$$(2) \quad s_2 = e_2$$

$$s_3 = 0.48e_1 + 0.19e_2 + 1.19e_3$$

Wright [4] har brukt denne metoden med først å rekne ut elektrisitet (målt i kroner) pr. krone sluttlevering, og etterpå rekne om ved hjelp av gjennomsnittskoeffisientar (utan omsyn til prisvariasjonane) for energiinhald pr. krone. Hans koeffisientar er dei ein får ved å multiplisere 1. linje i (2) med 1.4:

Energivara: 1.67 kWh/kr

Konsumvara: 0.67 "

Andre varer: 0.67 "

(Det er tilfeldig at dei to siste koeff. blei like).

Herendeen [7] har valt å endre måleining i dei linjene i matrisa som gjeld energivararer slik at dei blir målte i t.d. kWh (fysisk energieining). Tolkinga av koeffisientane (i første linje) blir då kWh/kroner sluttlevering. Hans løysing og koeffisientar blir i dette tilfellet lik det første settet eg rekna ut.

Hovudtanken bak min metode, er at eg vil røre sjølv kryssløpet minst mogeleg. Matrisa i MODIS er stor, og det vil vere svært arbeidskrevande å endre på henne. I hovudtrekk er metoden den same som Wrights, men målinga er flytta frå inngangen til energisektoren til kvar enkelt produksjonssektor.

Eg finn ut kor mykje energi sektorane bruker netto i høve til produksjonen, og får altså ein direkte energikoeffisient for kvar produksjonssektor. Likningssystemet (2) kan skrivast som

$$(3) \quad \begin{bmatrix} s_1 \\ s_2 \\ s_3 \end{bmatrix} = \begin{bmatrix} 1.19 & 0.48 & 0.48 \\ 0 & 1 & 0 \\ 0.48 & 0.19 & 1.19 \end{bmatrix} \begin{bmatrix} e_1 \\ e_2 \\ e_3 \end{bmatrix}$$

Dei direkte energikoeffisientane blir: (måleining kWh/kr)

$$\boxed{0.4, 0.2, 0.6}$$

(= nettoforbruk i kvar sektor dividert med produksjonen).

Ved å multiplisere første linja i matrisa i systemet (3) med første elementet i koeffisientvektoren, vil eg finne kor mykje energibruk som krevst i energisektoren til kvar sluttlevering. Andre linja i matrisa multiplisert med element nr. 2 i koeffisientvektoren gir kor mykje energibruk som krevst i konsumvaresektoren osb. Ved å summere etter sluttlevering får vi totalt behov etter sluttlevering.

$$\boxed{0.4, 0.2, 0.6} \begin{bmatrix} 1.19 & 0.48 & 0.48 \\ 0 & 1 & 0 \\ 0.48 & 0.19 & 1.19 \end{bmatrix} = \boxed{0.76, 0.51, 0.91}$$

Eg legg til 1 til den første koeffisienten for å få med det direkte forbruket av elektrisitet til sluttlevering:

Koeffisientane blir:


Energivara:	<u>1.76</u>
Konsumvara:	<u>0.51</u>
Andre varer:	<u>0.91</u>

Vi ser at dette er eit kompromiss mellom Herendeens og Wrights metode. Alle dei tre metodane er samanfallande dersom modellen oppfyller dei enkle kryssløpsføresetnadene: ein pris på kvar vare og eit produkt i kvar sektor. Min og Herendeens metode er samanfallande dersom energivarene blir produseerte utan energibruk ut over det fysiske energiinhaldet. I det norske energisystemet er energibruken i energiproduksjonen liten, og forskjellen blir liten. I energisystem der elektrisitetsproduksjonen stort sett er varmekraft, vil dette bety meir og forskjellen blir større.

Dersom det er rein prisdiskriminering det gjeld, er Herendeens løysing i ein viss forstand ideell, men dersom prisforskjellar delvis kan forklaast ut frå forskjellar i produksjonskostnad, vil metoden rette "for mykje". Det er ikkje berre prisdiskriminering når det er forskjell i prisen på t.d. høgspent og lavspent elektrisitet. Det har også noko med leveringskostnader og linjetap å gjere.

Dersom ein slår saman varer, kan ein formelt få einvareproduksjon, men om denne samanslåinga gjeld varer med ulikt energiinhald, vil problemet bli analogt med det ein får ved fleirvareproduksjon: Korleis skal ein fordele innsatsvarene på produksjonen av dei ymse varene? I denne samanhengen gjeld det energiinnsatsen spesielt. Her kjem Herendeens metode därleg ut. Eit nytt rekneeksempl vil vise det:

Raffineringssektoren har eitt breitt produktspektrum. Ved aggregering vil det ofte føre til at varer som inneholder mykje energi blir slått saman med andre varer. Denne eine vara blir så selt til ymse sektorar. Nokre sektorar kjøper dei energiintensive produkta og nokre dei andre produkta, slik at problemet formelt blir analogt med prisdiskriminéringsproblem: Det ligg ulik energimengde i kvar krone produkt.



Vi ser bort frå leveringar frå resten av økonomien til raffineringssektoren.

Wrights metode:

$$\text{Hovudproduktet } \frac{11\text{TJ} \cdot 10\ 000}{12\ 000} = \underline{\underline{9.17\text{TJ}}}$$

$$\text{Biproduktet } \frac{11\text{TJ} \cdot 2\ 000}{12\ 000} = \underline{\underline{1.83\text{TJ}}}$$

Her er alt energiforbruket i raffineringssektoren fordelt på produkta, proporsjonalt med verdien. Vi ser at hovudprodukta får tilrekna mindre energi enn det fysiske energiinhaldet i dei same varene. Dette er urimeleg og ei gjennomgåande svakhet ved Wrights metode.

Herendeens metode: I og med at biprodukta ikkje har nokon brennverdi, blir straumen lik null målt i Joule, og hovudproduktet får tilrekna all energibruken:

Hovudproduktet	<u>11TJ</u>
Biproduktet	<u>0 TJ</u>

Min metode:

Hovudproduktet:	Fysisk energiinnhald	10.0TJ
	Tap $\frac{ITJ \cdot 10\ 000}{12\ 000} =$	<u>0.8 "</u>
	I alt	<u>10.8TJ</u>
Biproduktet:	Tap $\frac{ITJ \cdot 2\ 000}{12\ 000} =$	<u>0.2TJ</u>

Etter min metode vil det fysiske energiinnhaldet i energiberarane først bli fordelt direkte. Deretter blir tapet (= energibruken i sektoren) fordelt etter verdien av produkta, slik som hos Wright.

Alt i alt er min metode eit kompromiss mellom to ytterpunkt som kvar har sine ulemper. Ulempane med Wrights metode er heilt klare: I tilfelle med prisdiskriminering og aggregeringsproblem kan Wrights metode gi det heilt urimelige resultatet at ei energiintensiv vare har lavere kryssløpskorrigert energibruk enn det fysiske energiinnhaldet i den same vara.

Hovudsvakhet med Herendeens metode, er at det er ei løysing for tilfelle med "rein" prisdiskriminering. I tilfelle der ein også har aggregeringsproblem, kan løysinga hans ligge i utkanten av det rimelege området. Dessutan, ved å endre innhaldet i kryssløpsmatrisa, vil ein få ei ny løysing for dei andre variablane i modellen, som slett ikkje treng om å vere rettare enn den gamle: Modellen vil rekne som om produksjonskostnadene er den same ved å levere ein Joule gjennom fyringsolje som ved å levere ein Joule gjennom bensin. Dersom produksjonen ikkje skjer i faste forhold, er det grunn til å tru at verdien vil spegle av produksjonskostnadene betre enn energiinnhaldet vil gjøre det. Dessutan, same korleis produksjonen skjer, vil prisane gi den marginale avveginga til kjøparane. Dersom biproduktet er eit reitt avfallsprodukt, blir prisen null. Hovudproduktet skal tilrekna all energibruken, som rimeleg er.

Eit anna ytterpunkt vil det vere dersom eit brennstoff innehold gull, og ein set i gong ein prosess for å vinne ut dette gullet. Det energitapet som prosessen gir, ville det vere urimeleg å tillegge brennstoffet åleine, slik Herendeens metode vil gjøre. Wrights metode vil fordele alt energiinnhaldet etter verdi, noko som kan gi det same urimelege resultatet som i rekneeksemplet: brennstoffet blir alt i alt tilrekna mindre energibruk enn sitt eige energiinnhald. Min metode vil fordele tapet etter verdi. Kva som er den "rette" metoden til å løse dette problemet, er ei vurderingssak, og kan ikkje løysast teknisk. Eg meiner alt i alt at det er min metode som gir dei rimelegaste resultata i dei fleste tilfella. Særleg når det gjeld aggregeringsproblemet, er mi løysing klart den beste.

1.3. Tilpassinga av MODIS IV

Til å utføre analysen har eg brukt ei spesialutgåve av kvantumsmodellen i MODIS IV, ein makroøkonomisk modell som Analysegruppa i Statistisk Sentralbyrå har utvikla og held ved like. I denne spesialutgåva er alle importaktivitetar og private produksjonsaktivitetar (lineære) funksjonar av sluttleveringane: offentleg konsum (og produksjon), privat konsum, realinvesteringar og eksport.

Den viktigaste føremonen ved å bruke MODIS, er at sluttleveringsaktivitetane samsvarar med Nasjonalrekneskap og Forbruksundersøkingar. I tillegg vil ein spare mykje arbeid som ein elles ville måtte bruke på å lage ein kryssløpsmodell. MODIS er svært disaggregert, noko som er både ein føremoen og ei ulempe. Det er ein føremoen m.a. fordi ein får meir detaljerte resultat med ein disaggregert modell, ei ulempe fordi datagrunnlaget for å fordele forbruket av olje og elektrisitet ikkje er godt nok til å utnytte disaggregeringa.

MODIS byggjer nokså direkte på Nasjonalrekneskapen, og når ein reknar med MODIS, held ein stort sett forholda mellom innsatsfaktorar og produkt faste. Eg brukar MODIS som ein open kryssløpsmodell, dvs. eg let alle shuttleveringane vere bestemt utafor modellen (vere eksogene) og la produksjonen bli bestemt som ein funksjon av dei. Modellen vil t.d. gi kor mykje ei endring på 100 mill. i etter-spørseren etter bustadhus vil slå ut i kvar produksjonssektor i økonomien når ein reknar med alle indirekte leveringar mellom sektorane.

Dersom ein vil bruke denne teknikken til å lage prognosar, er ein avhengig av at koeffisientane i modellen er stabile. Med prisar og produksjonsteknikk som endrar seg over tida, er det rimeleg å tru at koeffisientane endrar seg gradvis. Dette gjer at ein bør vere forsiktig med å bruke MODIS til energiprognosar, i alle fall på anna enn heilt kort sikt.

1.4. Handsaminga av importen

Eit hovudproblem i alle energianalyser er handsaminga av importen. Ein har sjeldan særlege problem med importen av olje, elektrisitet osb. Det som skaper problem er å finne ut kor mykje energi som direkte og indirekte har gått med til å produsere dei varene vi importerer. Dersom vi ikkje berre er interesserte i det innlandske energiforbruket, er dette viktig.

Den metoden eg bruker, er å la det norske kryssløpet produsere importvarene ved rett og slett å fjerne importen i modellen. Dette let seg ikkje gjøre for den ikkje-konkurrerande importen, som eg må bruke ei anna løysing for (sjå avsnitta 3.5.2 og 4.3.1). Denne måten å løyse problemet på, er likeverdig med å anta at importvarene blir produserte med norsk produksjonsstruktur og samfunnssystem. Den viktigaste faktoren i den samanhengen er energisystemet. Chapman [3] har funne ut at den britiske elektrisitetsproduksjonen har ein total energieffektivitet på under 30 prosent. Den norske elektrisitetsproduksjonen er mykje meir effektiv fordi vasskraft utgjer ein større del av totalforbruket.

Det er difor grunn til å tru at importvaren blir framstilt med større energiforbruk alt i alt enn dei tilsvarande norske. Fordelinga av energiforbruket på dei ymse primærkjeldene er også annleis i dei fleste land. I og med at utnyttingsgraden varierer, kan dette også verke inn på totalforbruket av energi. Transportsystemet varierer mykje frå land til land, avstandane er forskjellige og effektiviteten varierer. Transport til norsk grense av importvarane er heller ikkje medteke.

1.5. Andre føresetnader

- Energibalansane frå Statistisk Sentralbyrå er i hovudsak ei oppstilling av energiforbruket på norsk territorium. For å svare til produksjonsbegrepet i MODIS, har eg mått gjøre om dette til energiforbruket i norsk produksjon, dvs. drage ut bunkring av utanlandske fly, bilar og båtar her i landet og ta med forbruket til den norske delen av internasjonal luftfart og sjøfart. Dataproblem har gjort det uråd å gjennomføre dette fullt ut. (Dette må ikkje blandast saman med måten importen er handsama på. Det har å gjøre med kor stort energiforbruk norsk luftfart t.d. skulle bli tilrekna, og at sal av bunkers i Norge er noko heilt anna enn det vi er interesserte i.)
- For å vege saman dei ymse energiformene har eg brukt teoretisk energiinhald som vekter:

Oljeprodukt: 41.868 TJ/1 000 t (koeffisienten for råolje)

Fast brensel: 28.051 TJ/1 000 t (" " " kol)

Elektrisitet: 3.601 TJ/GWh

(Sjå vedlegg B.)

For å forenkla opplegget, har eg brukt ein koeffisient for alle oljeprodukta. Det ville sjøl-sagt vere betre å fordele alle produkta for seg, og vege dei saman med kvar sitt teoretiske energiinhald. Dette var uråd av datatekniske grunnar.

Ein kunne ha brukt eit vege gjennomsnitt av koeffisientane for raffineringsprodukta, men det ville ha ført til eit komplisert reknestykke for å finne fram til kor mykje "tap" som skulle reknast til raffineringssektoren. Forskjellane mellom koeffisientane er små (under 5 prosent), og andre feil i analysen er truleg større. Variasjonen i energiinnhold mellom dei ymse råoljetypene er også stor, og alt i alt har eg valt å bruke ein koeffisient, den koeffisienten som Byrået gir for råolje i Statistisk ukehefte 33/74.

For fast brensel, kol og koks, har eg brukt koeffisienten for kol. Også her er koeffisientane nokså like, og feilen ein gjer, er liten.

Ved å dele den direkte energikoeffisienten i ein utnytta del og ein tapt del for kvar produktionssektor, slik som Byrået gjer i energibalansen, kunne ein få eit inntrykk av kor stort rom det var for sparing for kvar shuttlevering. Dette ville vere i høve til idéell teknikk, og seie lite om kva som er sløsing etter den teknikken vi kjenner i dag. Dette ville vere eit stort arbeid der ein måtte gå nokså nøye inn på kvar sektor. Kor stor nytte eit slikt opplegg ville ha, er også eit stort spørsmål.

2. Fordeling av energiforbruket på sektorane

2.1. Fordeling av forbruket av fast brensel

Tala for kol og koks er tekne direkte frå industristatistikken. Etter energibalansen for 1974 er det berre privat konsum som får nemnande leveringar av kol og koks utanom industrisektorane. Talet (145 000t) er teke derifrå.

2.2. Fordelinga av oljeforbruket

Dei to hovudkjeldene for denne fordelinga er

- a) Salget av petroleumprodukter 1974 ("petroleumssstatistikken"), Statistisk ukehefte nr. 7, 1975.
For tidlegare år er dei offentleggjorde i Statistisk ukehefte nr. 7, 1975. For tidlegare år er dei offentleggjorde i Statistisk ukehefte nr. 47, 1974.
- b) Industristatistikken 1974, ei spesialutkøyring med sektorane grupperte etter Nasjonalreknesaks-spesifikasjon og dei ymse produkta aggregerte saman i tonn.

Petroleumssstatistikken gir totalsal og sal fordelt på grove grupper, og industristatistikken dekker den produksjonen og det forbruket dei ymse sektorane i industri/bergverk har.

Petroleumssstatistikken er basert på omsetringa i engrosleddet, dvs. distribusjonen til oljeselskapa, og dei kan vanskeleg kontrollere kven som til slutt bruker vara. Døme: Vegtransport får tilrekna alle produkt som blir selt vidare via bensinstasjonar, også fyringsolje selt på kanner.

Industristatistikken får berre verdital frå ein stor del av bedriftene og må rekne ut mengder ut i frå kva prisar resten av sektoren betalar. For nokre sektorar utgjer den utrekna delen ganske mykje og generelt er mengdetal meir usikre enn verdital, men samanlikna med resten av analysen er dette pålitelege tal.

Avviket mellom petroleumssstatistikken og Industristatistikken er 7-8 prosent i 1974. Det kan for ein stor del forklara ved andre kjøp enn direkte frå norske oljeselskap (direkte import og kjøp på bensinstasjonar).

Energivarebalanse for Norge 1974 (vedlegg B) blir for det meste brukt som ein kontroll på totalane for å unngå dobbelteljingar o.l.

Fordelinga mellom dei ymse oljeprodukta er ikkje på noko punkt særleg viktig m.o.t. sluttresultatet fordi energiinnhaldet pr. tonn i dei ymse produkta varierer så lite. Oppdelinga er brukt for å kunne bruke dei ymse tilleggskjeldene meir kritisk. I mange tilfelle har eg brukt nokså mekaniske metodar for å fordele på produkt der ein har opplysningar berre om totalane.

Primærnæringane

Her finst det nokre spreidde haldepunkt i primærstatistikken. I tillegg har eg lagt ein del arbeid i å spørje ut folk i bransjeorganisasjonar og på fagkontor i Statistisk Sentralbyrå og Statsadministrasjonen. (Sjå vedlegg A.)

Sektorane i bergverk og industri, utanom raffinering, byggjer på industristatistikken med nokre få og små korreksjonar.

Raffineringsindustrien

Tala for raffineringsindustrien er fortrulege, for sektoren hadde i 1974 berre 2 bedrifter. Energibalansen for 1974 inneholder likevel nok tal til at eg kan greie meg utan tal andre stader frå. Tilgangs- og prduksjonstala stemmer ikkje, summen av nokre av produkta veg meir enn innsatsfaktorane. Ved å bruke talet for tilgang av råolje, og dra frå summen av produkta, får ein anslag på forbruket (sjå vedlegg A).

Bygg og anlegg

Tala er tekne frå petroleumssstatistikken.

Landtransport

Tala frå petroleumsstatistikken er ikkje brukbare til mitt føremål, og eg må gå ut frå køyrd distanse, type bil og andre opplysningar frå Samferdselsstatistikk 1973-1974, Bil og veistatistikk 1974 og 1975 og notat frå Transportøkonomisk Institutt. (Sjå vedlegg A.)

Sjøfart

Eg går ut frå petroleumsstatistikken, og at totalleveringane til sjøfart og fiske og utskiljinga av utariks sjøfart er rett, slik at summen innariks sjøfart og fiske er rett. Innariks sjøfart blir residualbestemt ved å trekke ut fiske (sjå under fiske, vedlegg A).

Utariks sjøfart brukte i 1974 12 000 000 t oljeprodukt etter utrekningar frå Rederforbundet.

Luftfart

Her bruker eg tal som eg har rekna ut etter opplysningar frå Luftfartsdirektoratet. (Sjå vedlegg A.)

Kommunale og statlege sektorar

Dersom ein samanliknar sum verdital i Nasjonalrekneskapen for kommunar og for stat med dei tilsvarende mengdetala i petroleumsstatistikken, gir dette om lag same implisitt pris. Eg fordeler totalen i tonn frå petroleumsstatistikken etter verdien iflg. Nasjonalrekneskapen. (Sjå vedlegg A.)

Forsvaret

Ved å samanlikne tabell 2e i St.meld. 12 (74-75) med petroleumsstatistikken for 1973, kjem eg fram til eit totalt ansalg på 240 000 t.

Om fordelinga av posten "kontor m.v." i petroleumsstatistikken

Denne posten reknar eg med tilsvavarar om lag kontoroppvarming, lys og liknande i tenestytande næringer, og fordeler etter talet på tilsette. (Sjå vedlegg A.)

Totalrama for denne fordelinga er petroleumsstatistikken. Residualane er privat bilkøyring og husoppvarming. Dette blir såleis særleg usikre tal, men kontrollrekning viser at tala stemmer så bra med tal frå Forbruksundersøkinga 1974 som ein kan vente med dei grove metodane som er brukt. (Sjå vedlegg A.)

2.3. Fordeling av totalforbruket av elektrisk kraft

To av hovudkjeldene for denne delen av analysen er Energivarebalansen 1974 og Elektrisitetsstatistikk 1974. Desse statistikkane gir berre fordelinga på hovudgruppar av forbrukarar, og ein må bruke tilleggsopplysningar for å få ei vidare oppsplitting. Den tredje, Industristatistikk 1974, gir mengdetal for gruppa industri/bergverk med finare oppdeling. Ein stor prosent av mengdene er utrekna etter verdi og statistikken omfattar ikkje små bedrifter. For mesteparten av dei andre sektorane har ein få opplysningar ut over elektrisitetsstatistikken og må bruke nokså grove metodar.

Industri/Bergverk

Berre industristatistikken har fin nok fordeling. Totalen i industristatistikken er mindre enn totalen i elektrisitetsstatistikken. For å "sy saman" dei to statistikkane har eg overført 1 345 GWh til privat tenestytting (sjå vedlegg A).

Jordbruk og private hushald

Elektrisitetsstatistikken har berre tal for summen av forbruket i dei to gruppene. Tal frå Budsjettetnemnda for jordbruket gir verdital for jordbruket som eg har rekna om til mengdetal.

Tenestytande næringer

Her er talgrunnlaget svakt. Elektrisitetsstatistikken gir fordelinga mellom privat og offentleg tenestytting; sjøl denne grove fordelinga er usikker. Eg har i hovudsak brukt sysselsetjinga som fordelingsnøkkelen.

2.4. Oversikt over datainput i modellen

I praksis har eg brukt eit magnetband (ein tape) frå industristatistikken (konvertert til MODIS-kode) direkte i modellkjøringa. I tillegg har eg brukt kort til:

- a) korreksjon av tapen ved feilkoding o.l.
- b) input i sektorar utanom industri.

Tabell 2. Direkte energibruk og arbeidskraftbruk fordelt etter MODIS-sektor

		KOL 1000 T	OLJE 1000 T	ELEKTR- ISITET GWH	ARBEIDS- KRAFT 100 RRSV
23100	JORDBRUK, PLANTEPRODUKSJON	0.	178.0	0.	769.0
23121	JORDBRUK, HUSDYRPRODUKSJON, JAKT OG VILSTELL	0.	0.	1090.0	399.0
23131	JORDBRUKETS EGNE INVESTERINGSARB., KJØREINNT. OG TJENESTER I TILKN. TIL JORDBRUK	0.	0.	0.	62.0
23145	SKOGBRUK	0.	17.0	0.	102.0
23150	FISKE OG FANGST	0.	283.0	0.	223.0
23159	MALM- OG KULLGRUVER	2.5	61.9	647.0	57.0
23165	UTV. AV RÅOLJE OG NATURGASS (INKL. PROSJEK- TERING OG BORING FOR EGEN REGNING)	0.	16.4	0.	2.0
23176	ANNEN BERGVERKSDRIFT	0.0	25.9	131.6	41.0
23201	SLAKTING OG ANNEN PROD. AV KJØTTVARER OG KJØTTHERMETIKK	0.0	24.7	197.8	95.0
23210	PRODUKSJON AV MEIERIVARER	0.7	60.9	184.7	62.0
23215	KONSERVERING AV FRUKT OG GRØNNSAKER	0.	4.2	17.6	13.0
23220	PRODUKSJON AV FISKEVARER	0.2	15.0	256.4	123.0
23225	PRODUKSJON AV FISKEHERMETIKK	0.1	9.3	25.0	34.0
23230	PRODUKSJON AV FISKEOLJER OG FISKEMJØL	0.0	115.1	64.6	17.0
23235	PRODUKSJON AV VEGETABILSKE OLJER	0.	10.7	30.4	2.0
23240	RAFFINERING OG HERDING AV ANIMALSKE OLJER	0.	31.1	119.5	9.0
23245	PRODUKSJON AV MARGARIN	0.	1.7	14.9	5.0
23250	PRODUKSJON AV KORNVARER	0.	4.9	71.6	17.0
23255	PRODUKSJON AV BAKERVARER	0.0	10.1	147.6	88.0
23260	PRODUKSJON AV SJOKOLADE OG SUKKERVARER	0.0	3.2	36.5	24.0
23265	PRODUKSJON AV NÆRINGSMIDLER ELLERS	0.	16.4	17.6	23.0
23270	PRODUKSJON AV DYREFOR	0.	10.2	42.5	8.0
23275	PRODUKSJON AV BRENNEVIN OG VIN	0.	4.3	4.0	4.0
23280	BRYGGING AV ØL	0.	11.0	106.5	33.0
23285	PRODUKSJON AV MINERALVANN	0.	4.2	25.8	13.0
23290	PRODUKSJON AV TOBAKKSVARER	0.1	1.6	8.9	12.0
23295	PRODUKSJON AV GARN	0.	4.0	29.6	17.0
23300	PRODUKSJON AV VEVNAADER, BRND OG ELASTIKK	0.	13.6	74.0	38.0
23305	SØM AV TEKSTILVARER, UNNTATT KLÆR	0.0	1.2	16.4	16.0
23310	PRODUKSJON AV TRIKOTASJEVARER	0.	4.0	29.8	38.0
23321	PROD. TAUVÆRK, GOLVTEPPER OG TEKSTILV. ELLERS	0.0	4.1	47.4	28.0
23333	PROD. AV YTTERTØY, SKJORTER, UNDERTØY M.M.	0.	3.7	40.7	108.0
23346	PROD. AV HODEPLAGG, LÆR, LÆR- OG SKINNVARER OG KLÆR AV LÆR, SKINN OG PELOSSKINN	0.	3.4	27.2	32.0
23350	PRODUKSJON AV SKOTØY	0.	0.7	7.8	21.0
23355	SAGING OG HØVLING	0.	21.1	205.3	108.0
23360	PRODUKSJON AV SPONPLATER	0.	19.8	97.0	16.0
23365	PRODUKSJON AV MONTERINGSFERDIGE TREHUS	0.	3.0	18.8	50.0
23370	PROD. AV BYGNINGSART. OG ANDRE TREVARER	0.0	9.3	64.4	94.0
23375	PRODUKSJON AV MØBLER OG INNREDNINGER AV TRE	0.0	7.8	102.8	118.0
23380	PRODUKSJON AV TREMASSER	0.	24.8	1643.5	23.0
23385	PRODUKSJON AV CELLULOSE	0.	208.3	879.2	38.0
23390	PRODUKSJON AV PAPIR OG PAPP	0.	185.9	2198.9	90.0
23395	PRODUKSJON AV TREFIBERPLATER	0.	26.1	269.6	11.0
23400	PROD. EMBALLASJE OG ANDRE PAPIR- OG PAPPVARER	0.0	14.2	111.6	58.0
23405	GRAFISK PRODUKSJON	0.0	7.2	90.9	120.0
23410	FORLEGGING AV AVISER	0.	3.5	72.8	185.0
23415	ANNEN FORLAGSVIRKSOMHET	0.	1.7	35.1	30.0
23420	PRODUKSJON AV KJEMISKE GRUNNSTOFFER OG FORBINDELSER, UNNTATT KUNSTGJØDSEL	67.4	76.8	1464.5	30.0
23425	PROD. AV KUNSTGJØDSEL OG PLANTEVERNEMIDLER	0.	488.6	3651.7	32.0
23430	PRODUKSJON AV BASISPLAST OG KUNSTFIBRE	0.	32.9	107.4	18.0
23435	PRODUKSJON AV MALING OG LAKK	0.	13.2	12.2	20.0
23446	PRODUKSJON AV FARMSØYTISKE PREPARATER, VASKEMIDLER OG TOALETTPREPARATER	0.	14.0	22.8	32.0
23450	PRODUKSJON AV SPRENGSTOFF OG AMMUNISJON	0.	5.0	49.8	16.0
23455	ANNEN PROD. AV KJEMISK-TEKNISKE PRODUKTER	0.	9.6	36.3	13.0
23161	RAFFINERING AV JORDOLJE	0.9	402.0	117.2	5.0
23465	PRODUKSJON AV JORDOLJE- OG KULLPRODUKTER	166.2	46.5	308.6	15.0
23470	PRODUKSJON OG REPARASJON AV GUMMIPRODUKTER	0.0	8.4	65.2	36.0
23475	PRODUKSJON AV PLASTVARER	0.0	11.7	164.0	72.0
23486	PRODUKSJON AV KERAMIKK, GLASS OG GLASSVARER	0.0	33.7	232.8	38.0
23495	PRODUKSJON AV SEMENT OG KALK	1.9	322.2	379.8	14.0
23501	PROD. AV TEGLVARER, BETONG OG BETONGVARER	16.2	36.2	99.6	55.0
23505	STEINBEARB. OG ANNEN PROD. AV JORD OG STEINV.	11.0	30.0	76.6	23.0
23510	PRODUKSJON AV JERN OG STÅL	278.4	32.8	2117.0	61.0
23515	PRODUKSJON AV FERROLEGERINGER	759.2	7.8	6380.5	43.0
23520	STØPING AV JERN OG STÅL	9.7	11.1	254.9	43.0
23525	PRODUKSJON AV ALUMINIUM	2.2	52.9	12014.2	70.0
23530	PRODUKSJON AV ANDRE IKKE-JERNHOLDIGE METALLER	34.6	75.3	1771.3	39.0
23535	VALSING OG STØPING AV IKKE-JERNHOLDIGE MET.	0.0	3.5	130.1	24.0
23546	PRODUKSJON AV HUSHOLDNINGSArtIKLER, HRNDVERK- TØY, LASER OG BESLAG OG MØBLER AV METALL	0.1	4.6	93.1	56.0
23555	PRODUKSJON AV METALLKONSTRUKSJONER	0.2	10.8	112.9	78.0

Tabell 2 (framh.).

	KOL 1000 T	OLJE 1000 T	ELEKTR- ISITET GWH	ARBEIDS- KRAFT 100 RRSV
PRODUKSJON AV METALLEMBALLASJE, METALLDUK, -TRÅD, SPIKER OG SKRUER	0.0	7.3	167.2	44.0
23570 PRODUKSJON AV ANDRE METALLVARER	0.2	9.1	128.1	116.0
23575 PROD. AV KRAFTMASK., MOTORER OG JORDBR. MASK.	0.0	7.3	56.2	33.0
23580 PRODUKSJON AV INDUSTRI- OG BERGVERKSMASKINER, BYGGE- OG ANLEGGSMASKINER	0.0	3.9	37.2	42.0
23582 PROD. AV OLJERIGGER. PROD. OG REP. AV BORE- SKIP, BOREPL. FORMER, PROD.PL. FORMER OG DELER	0.0	2.8	56.9	42.0
23591 PRODUKSJON AV KONTOR- OG HUSHOLDNINGSMASKINER	0.	2.7	55.3	28.0
23595 REPARASJON AV MASKINER, OLJERIGGER O.L.	0.0	4.0	15.8	39.0
23600 PRODUKSJON AV ANDRE MASKINER	0.3	9.6	94.5	86.0
23605 PROD. AV EL. MOTORER OG MATERIELL FOR EL.PROD.	0.	6.3	58.3	53.0
23610 PROD. AV SIGNAL-, RADIO- OG ANNEN TELEMAT.	0.	4.3	37.1	96.0
23615 PROD. AV ELEKTRISKE HUSHOLDNINGSSAPPARATER	0.1	2.4	28.8	20.0
23620 PRODUKSJON AV ELEKTRISK KABEL OG LEDNING	0.	4.2	39.9	21.0
23625 ANNEN PROD. AV EL. APPARATER OG MATERIELL	0.0	2.3	24.3	20.0
23630 BYGGING AV SKIP	0.3	26.2	263.7	300.0
23635 BYGGING AV BÅTER	0.1	4.8	30.4	45.0
23640 PROD. AV SKIPS-, BÅTMOTORER OG SPESIALDELER	0.1	5.9	39.9	64.0
23645 PROD. OG REP. AV JERNBANE- OG SPORVOGNSMAT.	0.0	6.0	36.3	33.0
23651 PROD. AV MOTORKJØRETØYER, MOTORSYKLER, SYKKLER OG TRANSPORTMIDLER ELLERS, PROD. AV FLY	0.	8.7	100.3	56.0
23681 PROD. AV INSTRUMENTER, GULL- OG SØLVVARER, SPORTSARTIKLER OG ANDRE INDUSTRIPRODUKTER	0.0	2.2	35.0	56.0
23689 ELEKTRISITETS- OG VANNFORSYNING M.V.	25.0	8.0	7015.0	152.0
23700 BYGGE- OG ANLEGGSVIRKSOMHET	0.	92.0	312.0	1307.0
23717 BORING ETTER OLJE OG GASS SOM SÆRSKILT VIRK- SOMHET PÅ KONTRAKTS BASIS	0.	0.	0.	3.0
23721 VAREHANDEL M.V.	0.	184.0	1994.0	2110.0
23760 HOTELL- OG RESTAURANTDRIFT	0.	10.0	300.0	315.0
23801 TRANSPORT JERNBANE, SPORVEI OG FORSTADSBANE	0.	35.0	527.0	181.0
23805 RUTEBILTRANSPORT	0.	81.0	0.	128.0
23815 DROSJE OG TURBILTRANSPORT	0.	35.0	0.	43.0
23821 ANNEN LANDTRANSPORT	0.	281.0	0.	161.0
23824 OLJE- OG GASSTRANSPORT MED RØR	0.	0.	0.	0.
23830 UTENRIKS SJØFART	0.	12000.0	0.	410.0
23835 INNENRIKS SJØFART	0.	379.0	0.	115.0
23840 HJELPEVIRKSOMHET FOR SJØFART	0.	0.	0.	91.0
23845 LUFTTRANSPORT	0.	349.0	0.	50.0
23850 TJENESTER I TILKN. TIL TRANSPORT OG LAGRING	0.	6.0	103.0	108.0
23855 POST	0.	6.0	153.0	177.0
23860 TELEKOMMUNIKASJONER	0.	5.0	137.0	163.0
23868 BANKVIRKSOMHET	0.	7.0	195.0	201.0
23872 ANNEN KREDITT- OG FINANSVIRKSOMHET OG TJENES- TER I TILKN. TIL BANKFINANSIERINGSVIRKSOMHET	0.	1.0	32.0	32.0
23876 FORSIKRINGSVIRKSOMHET	0.	3.0	94.0	99.0
23885 BOLIGER	0.	0.	38.0	34.0
23891 UTLEIE AV ANDRE BYGG OG EIENDOMSDRIFT ELLERS	0.	0.	6.0	6.0
23901 FORRETNINGSMESSIG TJENESTEYTING	0.	11.0	331.0	331.0
23920 RENOVASJON OG RENGJØRING	0.	0.	43.0	45.0
23925 UNDERVISNINGS- OG FORSKNINGSVIRKSOMHET	0.	11.0	79.0	83.0
23930 HELSE- OG VETERINÆRTJENESTER	0.	6.0	176.0	185.0
23935 SOSIAL OMSORG OG VELFERDSARBEID	0.	1.0	26.0	26.0
23941 INTERESSEORG., IDEOLOGISKE OG KULTURELLE ORG.	0.	0.	102.0	107.0
23955 KULTURELL TJ.YTING, UNDERHOLDNING OG SPORT	0.	0.	74.0	78.0
REPARASJON AV KJØRETØYER, HUSHOLDNINGSSAPPA- RATER OG VARER FOR PERSONLIG BRUK	0.	5.0	161.0	170.0
23961 VASK, RENSING OG ANNEN PERS. TJENESTEYTING	0.	5.0	158.0	168.0
23965 LØNT HUSARBEID	0.	0.	0.	282.0
21821 HJELPEVIRKSOMHET FOR LANDTRANSPORT (VEIER, GATER), STATSFORVALTNINGEN	0.	0.	0.	0.
21840 HJELPEVIRKSOMHET FOR SJØFART, STATSFORV.	0.	1.0	0.	16.0
21845 LUFTTRANSPORT, STATSFORVALTNINGEN	0.	3.0	0.	8.0
21910 OFF. ADM., STATS- OG TRYGDEFORVALTNINGEN	0.	39.0	325.0	379.0
21915 FORSVAR, STATSFORVALTNINGEN	0.	240.0	380.0	472.0
21925 UNDERVISN.- OG FORSKN.VIRKSOMHET, STATSFORV.	0.	26.0	164.0	198.0
21930 HELSE- OG VETERINÆRTJ., STATS- OG TRYGDEFORV.	0.	2.0	66.0	78.0
21941 INTERESSEORGANISASJONER, IDEOLOGISKE OG KULTURELLE ORG., STATSFORVALTNINGEN	0.	1.0	17.0	20.0
21991 ANNEN PROD. I STATS- OG TRYGDEFORVALTNINGEN	0.	2.0	19.0	22.0
22821 HJELPEVIRKSOMHET FOR LANDTRANSPORT (VEIER, GATER), KOMMUNEFORVALTNINGEN	0.	12.0	170.0	16.0
22910 OFF. ADM., KOMMUNEFORVALTNINGEN	0.	26.0	188.0	220.0
22920 RENOVASJON OG RENGJ., KOMMUNEFORVALTNINGEN	0.	47.0	29.0	34.0
22925 UNDERVISN.- OG FORSKN.VIRKSOMH., KOMMUNEFORV.	0.	32.0	525.0	636.0
22930 HELSE- OG VETERINÆRTJENESTER, KOMMUNEFORV.	0.	0.	512.0	611.0
22935 SOSIAL OMSORG OG VELFERDSARB., KOMM.FORVALTN.	0.	12.0	196.0	226.0
22941 INTERESSEORGANISASJONER, IDEOLOGISKE OG KULTU- RELLE ORGANISASJONER, KOMMUNEFORVALTNINGEN	0.	6.0	19.0	23.0
22950 KULTURELL TJENESTEYTING, UNDERHOLDNING OG SPORT, KOMMUNEFORVALTNINGEN	0.	0.	40.0	48.0
33924 ELEKTRISITET	0.	0.	16179.0	0.
33925 BRENSEL	145.0	670.0	0.	0.
33932 BENZIN OG OLJE	0.	719.0	0.	0.

3. MODIS IV

3.1. Generelt om MODIS IV

MODIS IV er først og fremst konstruert for den bruken Finansdepartementet har av modellen i samband med Nasjonalbudsjettet, langtidsprogrammet og spesielle økonomiske tiltak. På grunn av dette har MODIS ei heil rekke submodellar rundt kryssløpskjernen for å kunne presentere verknadene av dei ymse økonomiske tiltaka i ei form som svarer til Nasjonalrekneskapen.

MODIS er ein fleksibel modell, der det i stor grad er overlate til brukaren å bestemme kva som er endogent og kva som er eksogent og gi anslag for dei eksogene variablane. Dette stiller så store krav til brukaren at det knapt nok er andre enn Analysegruppa sjøl som kan bruke modellen i tillegg til Finansdepartementet.

Kryssløpskjernen består av to delmodellar, ein prismodell og ein kvantumsmodell. Eg skal berre bruke kvantumsmodellen, og konsentrerer meg difor om å beskrive innhaldet i denne modellen.

3.2. Om kvantumsmodellen

Kvantumsmodellen er ein type kryssløpsmodell som skil seg litt frå den enkle modellen og rekna på i kapittel 1. I den modellen er omgrepa vare og sektor identiske. Varene var definerte som produksjonen i dei ymse sektorane, ei vare for kvar sektor. Dersom ein vil unngå same mikro-vara i fleire aggregat, dvs. ein vil at "kryssløpsvarene" skal vere ekte aggregat av visse posisjonar i Brüssel-nomenklaturen, vil nokre sektorar produsere meir enn ei vare. Dette strir mot føresetnadene i den enkle modellen, og det finst ikkje nokon fullgod måte å løyse problemet på utan å endre modellspesifikasjonane.

Aktivitetsanalysen, som MODIS IV byggjer på, er mykje meir fleksibel på denne måten, etter som varene og sektorane er definerte meir uavhengig av kvarandre. I ein aktivitetsmodell er varene grovt sett definerte i høve til sektorane slik som i den enkle modellen, men ein er ikkje avhengig av å ha like mange varer som sektorar. Oppdeling av varer kan i mange høve vere praktisk, t.d. for å ta omsyn til skattar osb. Ein deler kvar sektor opp i aktivitetar, ein aktivitet for kvart viktig produkt. Kryssløpsstrukturen er gitt ved at kvar sektor i prinsippet leverer ei viss (ikkje-negativ) mengd av kvar vare og mottar ei viss (ikkje-negativ) mengd av kvar vare.

Den aktiviteten som produserer det viktigaste produktet, blir kalla hovudaktiviteten. Dei andre er bi-aktivitetar. I praksis vil ein bi-aktivitet anten ha sektorteknikk, dvs. at inputstrukturen er den same som i hovudaktiviteten i same sektoren, eller varetteknikk, dvs. same inputstruktur som i den hovudaktiviteten som produserer same vare. Modellen har ei eiga invertering for å finne inputstrukturen i aktivitetane ut i frå desse opplysningane (sjå avsnitt 3.3.).

Det er viktig å merke seg at ein ikkje kan få fleire uavhengige produksjonsstrukturar enn ein har sektorar dersom ein ikkje har opplysningar utanom leveringar til og frå sektorane.

Kvar aktivitet har faste koeffisientar, dvs. eit fast høve mellom innsatsfaktorane og produktet (produkta). Aktivitetsnivået er definert som bruttoproduktet i aktiviteten, dvs. total produksjonsverdi minus totalverdien av innsatsfaktorane, målt i marknadsverdiar.

Nemninga "aktivitet" blir også brukt om import, eksport, konsum og investering i fast real-kapital. I tillegg har ein fordelingsaktivitetar som t.d. blir brukt der ein ikkje kjenner fullstendig fordelinga på vareleveransane mellom sektorane. "Aktivitet" slik eg brukte ordet først, blir då kalla produksjonsaktivitet til skilje frå andre aktivitetstypar.

3.3. Omforming av innsatsfaktormengdene

Grunnlagsdata for MODIS finst på sektorform. For å kunne utnytte tilleggskunnskap om produksjonsstrukturen, må datamassen omformast til aktivitetsform¹⁾.

Formelt skjer omforminga slik:

$$(3.1) \quad W_{APP} = W_{SPP} (\Theta \Sigma_{PP})^{-1} \Theta$$

W_{APP} = inputmatrise etter vare og produksjonsaktivitet
 $\dim W_{APP} = (n_X, n_{APP})$

W_{SPP} = inputmatrise etter vare og produksjonssektor
 $\dim W_{SPP} = (n_X, n_{SPP})$

$(\Theta \Sigma_{PP})^{-1} \Theta$ = omformingsmatrise
dimensjonen er (n_{SPP}, n_{APP})

(i,j)-elementet i denne matrisa gir kor stor del av input i sektor i som skal vere med i aktivitet j.

Θ gir kva teknologi dei ymse biaktivitetane skal ha

Σ_{PP} gir kva sektor aktivitetane høyrer til.

n_{SPP} = talet på private²⁾ produksjonssektorer

n_{APP} = talet på private²⁾ produksjonsaktivitetar

n_X = talet på varer

3.4. Likningssystemet i kvantumsmodellen³⁾

For å kunne bruke kvantumsmodellen som ein vanleg, open modell, må spesifikasjonane endrast ein del:

- alle private produksjons- og importaktivitetar må vere endogene.
- alle andre aktivitetar (unntatt fordelingsaktivitetane) må vere eksogene.
- input må knyttast til output (proporsjonalt) i alle sektorane. Dette gjeld skipsfart og oljeverksemd, der MODIS IV har skilt produksjon og vareinnsats ut som eigne, uavhengige aktivitetar som kvar for seg kan vere eksogene.

Eg vil så gå over til å framstille hovudtrekka av likningssystemet som kvantumsmodellen er oppbygd av. Systemet er forenkla, både ved at eg overser mange av problema og ved at mange av mogleitene for eksogene inngrep er utelatne. Eg går ikkje så mykje inn på korleis grunnlagsmatrisene blir danna.

1) Sjå Furunes og Longva [9], avsnitt 5.2.4.2. 2) Produksjonssektorer (-aktivitetar) omfattar privat og offentleg produksjon (i vidaste forstand). Private produksjonssektorer (-aktivitetar) omfattar her også den offentlege forretningsdrifta (NSB, post, tele osb.). 3) Detaljar og fullstendige definisjonar finst i [1].

A = aktivitetsnivå. Dim $A = n_A$, der n_A er talet på aktivitetar. Komponentane i A er lik differansen mellom totalverdien av leveringane og totalverdien av innsatsfaktorane.

Λ = aktivitetsmatrise. Dim $\Lambda = (n_X, n_A)$

(i, j)-elementet i Λ kan tolkast som høvet mellom nettolevering av vare ifrå aktivitet j (målt i basisverdiar) og aktivitetsnivået i aktivitet j .

X = lagervektor. Dim $X = n_X$

Komponentane i X er differansen mellom tilgang og etterspørsel i modellen, dvs. netto lagerinvestering for kvar vare.

Hovudlikninga i kvantumsmodellen kan skrivast slik:

$$(3.2) \quad \Lambda \cdot A = X$$

Ved å dele opp Λ og A etter aktivitetstype, får ein så:

$$(3.3) \quad \Lambda_{PP} A_{PP} + \Lambda_B A_B = -\Lambda_{SL} A_{SL}^* + X$$

der:

PP = private produksjonsaktivitetar

B = importaktivitetar

SL = shuttleleveringsaktivitetar

= aktivitetar for off. produksjon, privat konsum, investeringar og eksport

* betyr "eksogen"

3.5. Importmodellane

På grunn av at vi ikkje kjenner korleis dei varene vi importerer er blitt produserte, kan vi vanskeleg få laga koeffisientar som byggjer på produksjonsdata. Eg antar at dei varene vi importerer blir produsert med same teknikk som tilsvarande norske varer. Dersom ein set importandelane for den konkurrerande importen lik 0, vil "kryssløpet la desse varene bli produserte" innlands. Held ein førebels den ikkje-konkurrerande importen utafor, vil analysen no gi totalt forbruk av innsatsvarer og energi til produksjonen, ikkje berre den innlandske. Energikoeffisientane, import, kjem ut som differansen mellom "totalkoeffisientane" og "dei innlandske koeffisientane".

I utrekninga av dei "innlandske" koeffisientane må ein ha importmodellar som gir fordelinga av etterspørselen mellom innlandske og importerte varer.

3.5.1. Den konkurrerande importen

For den konkurrerande importen, dvs. import av varer som også blir produsert innlands, blir modellen for etterspørselsandelsbestemt import brukt. Ein går her ut frå at ein viss (konstant) del av kvar komponent av etterspørselen er retta mot import.

Modellen:

$$(3.4) \quad A_B = E_1 (B_{PP}^- A_{PP} + B_{SL}^- A_{SL}^*)$$

E_1 er ei normert marknadsandelsmatrise for import og konverterer frå vare- til aktivitets-spesifikasjon

dim $E_1 = (n_{A_B}, n_X)$

n_{A_B} = talet på importaktivitetar

$$\bar{B} = (\bar{B}_{PP}, \bar{B}_{SL}) \text{ importkoeffisientar etter vare og aktivitet}$$

$$\dim \bar{B} = (n_X, n_A)$$

Når ein set likninga inn i likningssystemet i kvantumsmodellen, må ein velje ut kva importvarer som skal handsamast på denne måten:

$$(3.5) \quad (I - \hat{\Omega}_1 - \hat{\Omega}_2) \Lambda_B A_B = (I - \hat{\Omega}_1 - \hat{\Omega}_2) \Lambda_B E_1 (\bar{B}_{PP} A_{PP} + \bar{B}_{SL} A_{SL}^*)$$

$(I - \hat{\Omega}_1 - \hat{\Omega}_2)$ = diagonalmatrise med 1 for diagonalelement som tilsvrar varer som skal ha etterspørselsandelsbestemt import, null elles. Dim $(I - \hat{\Omega}_1 - \hat{\Omega}_2) = (n_X, n_X)$

3.5.2. Den ikkje-konkurrerande importen

Den andre importmodellen er modellen for residualbestemt import. For ikkje-konkurrerande import, vil importen kome ut som differansen mellom etterspørsel og innlandsk tilgang (i dei fleste tilfelle lik null; små tal kan forekome).

Teknisk kan modellen skrivast som:

$$(3.6) \quad A_B = E_1 Z$$

der E_1 er som før og

Z er ein hjelpevektor for inverteringa av modellen. Z kan for desse varene tolkast som import- etterspørselen etter kvar vare.

$$\dim Z = n_X$$

I likningssystemet for kvantumsmodellen blir likninga:

$$(3.7) \quad \hat{\Omega}_1 \Lambda_B A_B = \hat{\Omega}_1 \Lambda_B E_1 Z$$

der $\hat{\Omega}_1$ = ein vektor med 1 i element som svarer til varer som skal ha residualbestemt import, null elles. Dim $\hat{\Omega}_1 = n_X$

3.6. Lager

Eg er ikkje interessert i koeffisientar for dei varene som har gått til lager, og sløyfer difor lagervektoren i basisåret, X^0 , under utrekninga.

Dersom vi set inn dei eksogene aktivitetsnivåa, A_{SL}^0 i modelløysinga, vil vi få eit svar for dei endogene aktivitetsnivåa. Dette skulle normalt vere lik A_{PP}^0 på grunn av måten modellen er laga på. Dette vil ikkje gjelde når vi sløyfer lagervektoren. Differansen vil vere den produksjonen som direkte og indirekte går til lager. Problem i samband med inverteringa gjer at det ikkje er råd å unngå lager heilt. For nokre varer, t.d. "Varer under arbeid" og gebyrvarene, er importen lik null og varene blir ikkje produsert som hovudvarer¹⁾. Med endogen etterspørsel ville modellen bli overbestemt dersom ein ikkje hadde lager. (Om gebyrvarene, sjå avsnitt 4.3.3). Auke i beholdninga av "Varer under arbeid" gjer at dei varene som blir levert, får høgare energikoeffisientar enn dei elles ville fått.

1) I modellen er det berre viktige biprodukt som har eigne aktivitetar. Dei andre blir behandla som om dei var negativ input. Hovudvareproduksjonen av ei vare er den delen av produksjonen som skjer i eigne aktivitetar, bivareproduksjonen er resten.

Modellen for endogent lager:

$$(3.8) \quad X = \hat{\Omega}_2 Z$$

Z er total lageretterspørsel for desse varene: dim Z = n_X

$\hat{\Omega}_2$ = vektor med 1 for varer med residualbestemt lager, null elles.

$$\text{Dim } \hat{\Omega}_2 = n_X$$

3.7. Invertering av kvantumsmodellen

Føremålet med dette avsnittet og det neste er å vise korleis eg løyer kvantumsmodellen i tre utgåver, og kombinerer dei til fem alternativ:

- 1) Dette alternativet skal rekne ut kva løysing modellen gir når vi går ut frå at importandlane er faste.
- 2) Her reknar modellen som om også all konkurrerande import skulle produserast innalands.
- 3) Dette alternativet er differansen mellom 2) og 1) og gir "kryssløpskorrigert import" (eig. berre den konkurrerande importen).
- 4) Alternativ 4 er analogt med alternativ 2), men her er kapitalslitet gjort endogent. Modellen vil rekne ut kor mykje som må produserast dersom ein også skal erstatte det utslitne kapitalutstyret.
- 5) Alternativ 5) er differansen mellom 4) og 2) og gir "kryssløpskorrigert kapitalslit".

Ved å setje importmodellane og lagermodellen inn i hovudlikninga (3.3), får vi:

$$(3.9) \quad A_{PP}^0 A_{PP} + (I - \hat{\Omega}_1 - \hat{\Omega}_2) \cdot A_B \cdot E_1 \cdot (B_{PP}^- A_{PP} + B_{SL}^- A_{SL}^*) \\ + \hat{\Omega}_1 A_B E_1 Z = -A_{SL}^* A_{SL} + \hat{\Omega}_2 Z$$

Første leddet på venstre side står for innalandsk produksjon, andre for etterspørselsandelsbestemt import, tredje for residualbestemt import og fjerde for residualbestemt lagerendring. Modellen skal inverterast på vare-vare-spesifikasjon. Til invertinga må ein ha ein hjelpevariabel:

$$(3.10) \quad A_{PP} = \pi_{A_{PP}}^0 \cdot Z$$

$\pi_{A_{PP}}^0$ = faste marknadsandelar for private innalandske produsentar (hovudvarer).
 $\text{Dim } \pi_{A_{PP}}^0 = (n_{A_{PP}}, n_X)$

Z er innalandsk hovudvaretilgang for desse varene

= innalandsk produksjon - bivareproduksjon

$$\text{dim } Z = n_X$$

(jfr. (3.6) og (3.8))

Alternativ 1

Set (3.10) inn i (3.9). (Fotskrift 1 på Z og G og toppskrift 1 på A_{PP} står for alternativ 1.)

$$(3.11) \quad A_{PP} \pi_{A_{PP}}^0 Z_1 + (I - \hat{\omega}_1 - \hat{\omega}_2) A_B E_1 (B_{PP}^- \pi_{A_{PP}}^0 Z_1 + B_{SL}^- A_{SL}^*) \\ + \hat{\omega}_1 A_B E_1 Z_1 - \hat{\omega}_2 Z_1 = -A_{SL} A_{SL}^*$$

Ordnar og inverterer:

$$(3.12) \quad Z_1 = \{ (A_{PP} + (I - \hat{\omega}_1 - \hat{\omega}_2) A_B E_1 B_{PP}^-) \pi_{A_{PP}}^0 + \hat{\omega}_1 A_B E_1 - \hat{\omega}_2 \}^{-1} \\ \cdot \{ -(A_{SL} + (I - \hat{\omega}_1 - \hat{\omega}_2) A_B E_1 B_{SL}^-) \} A_{SL}^*$$

Set (3.12) inn i (3.10)

$$(3.13) \quad A_{PP}^1 = \pi_{A_{PP}}^0 Z_1 = \pi_{A_{PP}}^0 G_1^M \cdot A_{SL}^*$$

der $Z_1 = G_1^M A_{SL}^*$

og $G_1^M = \{ (A_{PP} + (I - \hat{\omega}_1 - \hat{\omega}_2) A_B E_1 B_{PP}^-) \pi_{A_{PP}}^0 + \hat{\omega}_1 A_B E_1 - \hat{\omega}_2 \}^{-1}$
 $\cdot \{ -(A_{SL} + (I - \hat{\omega}_1 - \hat{\omega}_2) A_B E_1 B_{SL}^-) \}$

Definerer:

$$G_1 = \pi_{A_{PP}}^0 G_1^M$$

Alternativ 2

Å setje konkurrerande import lik null er det same som å skifte ut matrisa $(I - \hat{\omega}_1 - \hat{\omega}_2)$ med nullmatrisa. Gjer ein det, blir resultatet slik: (Fotskrift 2 på Z og G og toppskrift på A_{PP} står for alternativ 2.)

$$(3.14) \quad A_{PP}^2 = \pi_{A_{PP}}^0 \cdot Z_2 = \pi_{A_{PP}}^0 G_2^M A_{SL}^*$$

der $G_2^M = (A_{PP} \pi_{A_{PP}}^0 + \hat{\omega}_1 A_B E_1 - \hat{\omega}_2)^{-1} (-A_{SL})$

og $Z_2 = G_2^M \cdot A_{SL}^*$

$$G_2 = \pi_{A_{PP}}^0 \cdot G_2^M$$

G_1 og G_2 kan tolkast som verknadstabellar, og gir produksjonsaktivitetsnivåa som ein funksjon av sluttleveringsaktivitetsnivåa: (Sjå [9].)

$$A_{PP}^1 = G_1 \cdot A_{SL}^* \quad \text{og}$$

$$A_{PP}^2 = G_2 \cdot A_{SL}^*$$

Alternativ 3 (import) er differansen mellom desse:

$$A_{PP}^3 = A_{PP}^2 - A_{PP}^1$$

3.8. Kapitalslit¹⁾

Eg skal ikkje gå inn på korleis dei matrisene som finst for kapitalslit i MODIS IV er komne fram. Realkapitalen er fordelt etter to forskjellige grupperingar:

- b) Realkapitalart.
- c) Sektorar (private, statlege og kommunale).

Ein fordelingsnøkkel gir fordelinga av kapitalslitet etter realkapitalart på produksjonssektorane. Ein annan fordelingsnøkkel gir kva slags investeringsaktivitetar som produserer desse kapitalartane. I og med at det er mange færre kapitalartar enn både investeringsaktivitetar og produksjonssektorar, er bruken av desse faste nøklane ein nokså grov metode.

Idéen bak å inkludere kapitalslitet, er at ein også skal få med det indirekte energiforbruket gjennom nedslitinga av kapitalutstyret. Dette er ikkje tenkt å vere nokon kapitalslitmodell, det er berre ein måte å fordele kapitalslitet på produksjonen på, ved å sjå på det som ein innsatsfaktor. Desse to matrisene finst i MODIS-grunnlaget:

F_{DR} = kapitalslit etter "mottakende" produksjonssektor og realkapitalart (n_{S_p} , n_{KAP})

F_D = fordelinga av kapitalslitet etter leverande investeringsaktivitet og realkapitalart (n_{A_I} , n_{KAP}).

n_{S_p} = talet på produksjonssektorar

n_{KAP} = talet på kapitalartar (= 13)

n_{A_I} = talet på investeringsaktivitetar

Lagar:

F_{DS}^A = kapitalslit etter "mottakende" produksjonssektor og leverande investeringsaktivitet
(n_{A_I} , n_{S_p})

ved:

$$(3.15) \quad F_{DS}^A = F_D \cdot F_{DR}$$

1) Sjå Furunes og Sand [10].

No har kapitalslitet kome over på det formatet som ein har for vanleg vareinnsats. Ved å bruke same transformasjonen som for vareinnsatsen kjem ein over på aktivitetsspesifikasjon (sjå avsnitt 3.3):

$$(3.16) \quad F_{DA}^A = F_{DS}^A (\theta \Sigma_p)^{-1}$$

der

$$F_{DA}^A = \text{kapitalslit etter "mottakende" produksjonsaktivitet og leverande investeringsaktivitet.}$$

$$\text{Dim } F_{DA}^A = (n_{A_I}, n_{A_P}).$$

Dividerer med aktivitetsnivået i basisåret og får:

$$(3.17) \quad D_{A_P} = F_{DA}^A (\hat{A}_P^0)^{-1}$$

der

$$D_{A_P} = \text{kapitalslit pr. aktivitetsnivåenhet etter "mottakende" produksjonsaktivitet og leverande investeringsaktivitet:}$$

$$(n_{A_I}, n_{A_P}).$$

Når ein inkluderer kapitalslitet blant dei endogene aktivitetane, blir A_I^* å oppfatte som nettoinvesteringar.

Ein trekkjer kapitalslitet frå den totale varetilgangen, slik at det blir mindre att til anna shuttlelevering. Kapitalslitet er no endogent.

Alternativ 4

Analogt med (3.11) har vi, dersom vi set $(I - \hat{\Omega} - \hat{\Omega})$ lik null på same måten som i alternativ 2.

$$(3.18) \quad \Lambda_{PP} \pi_{A_{PP}} Z_4 + \hat{\Omega}_1 \Lambda_B E_1 Z_4 - \hat{\Omega}_2 Z_4 - \Lambda_I (D_{A_{PP}} \pi_{A_{PP}} \cdot Z_4 + D_{A_{PG}} A_{PG}^*) + \Lambda_{SL} A_{SL}^* = 0$$

Ordnar og inverterer:

$$(3.19) \quad Z_4 = \{(\Lambda_{PP} - \Lambda_I D_{A_{PP}}) \pi_{A_{PP}}^0 + \hat{\Omega}_1 \Lambda_B E_1 - \hat{\Omega}_2\}^{-1} \cdot \{-\Lambda_{SL} A_{SL}^* + \Lambda_I D_{A_{PG}} A_{PG}^*\}$$

$$A_{PP}^4 = \pi_{A_{PP}}^0 \cdot Z_4 = \pi_{A_{PP}}^0 \cdot G_4^M \cdot A_{SL}^*$$

$$G_4^M = \{(\Lambda_{PP} - \Lambda_I D_{A_{PP}}) \pi_{A_{PP}}^0 + \hat{\Omega}_1 \Lambda_B E_1 - \hat{\Omega}_2\}^{-1} \{-\Lambda_{SL} + \Lambda_I D_{A_{PG}} \cdot K\}$$

$$K = \{ \begin{matrix} 0 \\ I_{n_{APG}} \end{matrix} \}$$

der $I_{n_{APG}}$ er ei identitetsmatrise med dimensjon n_{APG} og K er (n_{APG}, n_{ASL}) .

Definerer:

$$G_4 = \begin{matrix} 0 \\ I_{APP} \end{matrix} G_4^M$$

Alternativ 5

Kva kapitalslitet betyr, kan ein rekne ut ved å ta differansen mellom alternativ 4 og alternativ 2:

$$A_{PP}^6 = A_{PP}^5 - A_{PP}^2$$

4. Ressursbruken og MODIS IV

Sysselsetjingstal for dei ymse sektorane ligg i MODIS-grunnlaget. Sjøl om føremålet for analysen er å lage energikoeffisientar, har eg også laga arbeidskraftkoeffisientar. Arbeidskraftbruken blir heile tida handsama analogt med energibruken.

E_S = direkte ressursbruk etter ressursslag og sektor (dim $E_S = (8, n_S)$). Dei tre første linjene er energibruken av kol, olje og elektrisitet, målt i mengdeiningar: 1 000 tonn for dei to første og GWh (= mill kWh) for den tredje. Dei tre neste er dei same mengdene omrekna til TJ = billion Joule = 10^{12} J. (Omrekningsfaktorane er dei som står under punkt b), avsnitt 1.5.) Den nest siste kolonna er summen av dei tre foregåande. Den siste er arbeidskraftforbruket (sysselsetjinga) målt i 100 årsverk.

4.1. Omforming av ressursbruken til aktivitetsspesifikasjon

Eg behandlar energi- og arbeidsinnsats på same måten som vareinnsats og kapitalslit (sjå avsnitta 3.3 og 3.8.).

Transformasjonen til aktivitetsspesifikasjon:

$$E_{Ap} = E_{Sp} (\theta \Sigma_p)^{-1} \theta$$

der E_{Ap} er underdelen av E_A som gjeld produksjon.

E_A er definert analogt med E_S med "aktivitet" i staden for "sektor".

Også andre aktivitetar bruker energi direkte: eksport, konsum og offentlege produksjonsaktivitetar.

E_{Ab} er pr. definisjon lik null i denne modellen, men eg lar likevel energimatrissa få full aktivitetsdimensjon: (dim $E_A = n_A$)

$$E_A = (E_{Ab}, E_{Ap}, E_{ASL})$$

Direkte koeffisientar (sjå avsnitt 1.1. for definisjon) får ein ved å dividere kvar kolonne i energibruksmatrissa med aktivitetsnivået i basisåret. Kallar matrissa for F_A :

$$F_A = E_A (\hat{A}^0)^{-1}$$

4.2. Kryssløpskorrigerte koeffisientar

("Energi" omfattar her også arbeidskraft)

a) Kryssløpskorrigerte energikoeffisientar, innlandsk bruk

$$F_{ASL1}^K = F_{Ap} G_1 + F_{ASL}$$

b) Kryssløpskorrigerte energikoeffisientar, innlandsk bruk og import

$$F_{ASL2}^K = F_{Ap} G_2 + F_{AB2}^K \hat{\Omega}_1 A_B E_1 G_2^M + F_{ASL}$$

Her er $F_{A_{B2}}^K$ ukjend og blir rekna ut ved iterasjon. $F_{A_{B2}}^K$ blir først sett lik 0. Ein bruker så koeffisientar frå $F_{A_2}^K$ som element i $F_{A_{B2}}^K$ (sjå avsnitt 4.3.).

c) Kryssløpskorrigerte energikoeffisientar, import

$$F_{A_{SL3}}^K = F_{A_{SL2}}^K - F_{A_{SL1}}^K$$

d) Kryssløpskorrigerte energikoeffisientar, innalandsk bruk og import, med endogent kapitalslit

$$F_{A_{SL4}}^K = F_{A_{pp}} G_4 + F_{A_{B4}}^K \hat{\Omega}_1 \Lambda_B E_1 G_4^M + F_{A_{SL}}^K$$

Bruker same utrekningsmåte her som i b).

e) Kryssløpskorrigerte energikoeffisientar, kapitalslit

$$F_{A_5}^K = F_{A_4}^K - F_{A_2}^K$$

Set koeffisientane saman til ei matrise

$$F_{A_{SL}}^K = \begin{bmatrix} F_{A_{SL1}}^K \\ F_{A_{SL2}}^K \\ \vdots \\ F_{A_{SL5}}^K \end{bmatrix}$$

$F_{A_{SL}}^K$ er på dimensjon $(40, n_{SL}) = (40, 211)$. $F_{A_{SL}}^K$ er kryssløpskorrigerte ressurskoeffisientar. Kvar linje er energi- eller arbeidskraftkoeffisientar etter sluttleveringsaktivitet.

4.3. Retting av koeffisientane

På grunn av manglante informasjon og visse veikskapar ved måten å løyse modellen på, er det uråd å ta alle omsyn ved første utrekning av koeffisientane.

Det er tre ting ein må rette for:

4.3.1. Den ikkje-konkurrerande importen

Som nemnt i avsnitt 4.2.b), har eg først løyst modellen med energikoeffisientar lik null for ikkje-konkurrerande import. Eg har prøvt å finne norskproduserte varer som er så like desse varene som råd. Koeffisientane for desse blir så brukt for den ikkje-konkurrerande importen i neste utrekningsomgang.

Dette er ein nokså usikker metode, men resultata ville neppe bli særleg betre om eg prøvde å bruke data frå utalandske energianalyser. Svakhetene ved desse anslaga er stort sett dei same som for resten av importen.

4.3.2. Overgang mellom offentleg produksjon og offentleg konsum

I 1974-versjonen av MODIS var ikkje offentleg konsum med som eigne aktivitetar. Offentleg konsum blir rekna ut etterpå på grunnlag av offentleg produksjon. (= off. bruk av varer og tenester.)

Ved å leggje til lønn, arbeidsgivaravgift og kapitalslit, kjem ein fram til eit totalmål for produksjonen i offentleg sektor. Offentleg sektor har også andre leveringar enn direkte til offentleg konsum. Andre sektorar i samfunnet tek mot leveringar av (varer og) tenester som dei betalar for, gebyr. Desse gebyra skal, slik som andre varer i økonomien, ha energikoeffisientar. Etter dei konvensjonane som er valt elles, skal desse vere dei same for off. konsum som for gebyra for kvar off. produksjonssektor. Analysen reknar ut direkte og indirekte energibruk i kvar offentleg sektor. Ved å dele med summen av offentleg konsum og gebyr (= bruk av varer og tenester pluss lønn, arbeidsgivaravgift og kapitalslit), kjem ein fram til ein felles koeffisient for kvar av dei 17 offentlege produksjonssektorane.

4.3.3. Gebyrvarene

Som nemnt ovafor, leverer offentleg sektor tenester til dei andre sektorane i samfunnet. På grunn av modellutforminga var det uråd å få rekna ut "energisida" av desse leveringane som ein del av den første utrekningsomgangen. I modelløysinga blir gebyra formelt tekne frå lager, og er på den måten "energifrie". På grunn av dette, kan produksjonen av gebyra etter offentleg sektor reknast ut slik:

$$\hat{X}^0 \cdot M_G = \text{gebyrvareproduksjon etter offentleg produksjonsaktivitet. Dim } (\hat{X}^0 \cdot M_G) = (n_x, n_{A_{PG}})$$

$$X^0 = \text{lagervektoren for basisåret. Dim } X^0 = n_x$$

$$M_G = \text{marknadsandelsmatrise for offentleg produksjon. Dim } M_G^0 = (n_x, n_{A_{PG}})$$

$$\hat{X}^0 \cdot M_G \cdot F_{A_{PG}}^K \text{ gir kor mykje energi kvar gebyrvare "tek med seg ut" av offentleg sektor når}$$

$F_{A_{PG}}^K$ er kryssløpskorrigerte energikoeffisientar rekna ut slik som forklart under b).

$(\Lambda_A^-)^{-1} \cdot \hat{X}^0 M_G \cdot F_{A_{PG}}^K$ gir fordelinga av energien etter mottakande aktivitet (Λ_A^- er inputkoeffisientar for produksjons- og shuttleleveringsaktivitetane etter varer. Dim $\Lambda_A^- = (n_x, n_A)$.

$$KF = (\hat{A}^0)^{-1} (\Lambda_A^-)^{-1} \hat{X}^0 \cdot M_G \cdot F_{A_{PG}}^K \text{ gir energien på koeffisientform, dim KF = (n_A, 8).}$$

Eg deler matrisa:

$$KF = ((KF)_{PP}, (KF)_B, (KF)_{SL})$$

$$= ((KF)_{PP}, 0, (KF)_{SL})$$

Resultatet blir:

$$F_{A_1}^{KK} = (F_{A_{PP}} + (KF)_{PP}) G_1 + F_{A_{SL}} + (KF)_{SL}$$

$F_{A_i}^{KK}$, $i = 2, \dots, 5$ blir rekna ut på analog måte ut frå formlane på side 25 ved at $F_{A_{PP}}$ blir skifta ut med $(F_{A_{PP}} + (KF)_{PP})$ og $F_{A_{SL}}$ med $(F_{A_{SL}} + (KF)_{SL})$. Denne rettinga er av 1. orden, men mesteparten av gebyra går direkte til shuttlelevering, slik at ei fullstendig retting neppe vil gi andre resultat.

5. Presentasjon av resultata

Når ein skal tolke resultata, er det viktig å sjå dei i samanheng med dei konvensjonane som ligg til grunn for analysen (sjå avsnitt 1.2.). I tillegg skal eg ta med nokre moment som følgjer av desse konvensjonane, av oppbyggjinga til MODIS eller måten energiforbruket er fordelt mellom sektorane på.

- Analysen byggjer på ein kryssløpsmodell, og ein går implisitt ut frå at gjennomsnittleg og marginal energibruk er det same. Dette er særleg urealistisk i transportsektoren. Dette betyr at utsegnskrafta om kva som vil skje ved endringar i shuttleleveringane, er nokså avgrensa.
- Nasjonalrekneskaper og andre primærdata som MODIS og denne analysen byggjer på, inneheld mange svake og usikre punkt. Særleg gjeld dette transportsektorane og tenestytande sektorar.
- MODIS byggjer på ein førebels nasjonalrekneskap, dvs. ein rekneskap som er laga før alle tilgjengelege opplysninga for året finst. Det meste av kryssløpsstrukturen er eldre enn basisåret, og framført slik at totalane stemmer.
- Handsaminga av oljeproduksjon og oljeraffinering er av ymse grunnar eit svakt punkt i analysen. Viktigaste grunnen er sviktande datagrunnlag. Avgrensingsproblema er også store: Skal oljen som blir liggjande att i reservoaret og oljesøl reknast som energikostnader ved oljeproduksjonen? Korleis dette blir rekna, vil verke inn på nivået til koeffisientane, men berre i liten grad på den relative storleiken.
- Handsaminga av importen:
 - a) Konkurrerande import. Her reknar ein som om vara blir produsert som den tilsvarende vara innlands. Dette kan vere urealistisk, særleg m.o.t. fordelinga av energiforbruket på dei tre energitypene.
 - b) Ikkje-konkurrerande import. Etter skjønn har eg plukka ut norske varer som skulle ha ein så lik produksjonsstruktur som råd. Her er moglegitetene for feil store, og det er grunn til å åtvare mot å setje stor lit til koeffisientane for varer som "inneheld" mykje slik import, t.d. bilar, sukker, sydfrukter osb. For totalbiletet betyr det likevel lite, truleg under 4 prosent av totalt energiforbruk.
- Lageropplegg i basisåret (betydde ein del i 1974) verkar ikkje inn på energikoeffisientane anna enn via "varer under arbeid". Leveringar til denne kategorien er energifrie, dvs. energien blir fordelt på dei andre leveringane frå aktiviteten. (Sjå avsnitt 3.6.).

Tabell 2. Tilgang på og forbruk av energi i den norske økonomien. 1974. Absolutte tal

	Ko1 TJ	Olje TJ	Elektrisitet TJ	Sum energi TJ
Direkte forbruk i norsk produksjon og sluttlevering	44 237	951 736	276 423	1 272 396
Indirekte forbruk gjennom vareimport (ekskl. energivarar)	88 901	157 392	154 089	400 382
Norsk bruttoforbruk	133 138	1 109 128	430 512	1 672 778
Direkte og indirekte eksport	65 733	819 768	200 849	1 086 350
Nettoforbruk til innlandske shuttleleveringar ..	67 405	289 360	229 663	586 428
Av dette:				
Offentleg konsum	2 788	34 614	17 250	54 652
Privat konsum	18 988	178 152	136 209	333 349
Realinvesteringar	45 079	73 712	73 188	191 979
Lagerinvesteringar ¹⁾	550	2 882	3 016	6 448

1) Residualbestemt som differansen mellom energiforbruket i basisåret og utrekna forbruk i basisåret (sjå avsnitt 3.6.).

Med dei avgrensingane som finst i metoden, særleg den at importen er "produsert" med norsk teknikk (i vidaste forstand), gir Tabell 2 ei totaloppstilling av norsk energiforbruk. Sluttleveringa "lagerinvesteringar" er residualbestemt ut frå skilnaden mellom tilførsel og forbruk av energi (sjå avsnitt 3.6.).

Første linje er summen av all input i modellen og omfattar også oljeforbruket i utariks sjøfart. Over halvparten av oljeforbruket (litt meir enn 500 000 TJ) går til denne sektoren. Ein tilsvarende sum finn ein att under eksport.

Fordelinga av totalforbruket på sluttleveringane er: 9,3 prosent til offentleg konsum, 56,9 prosent til konsum, 32,7 prosent til realinvesteringar og 1,1 prosent til lagerinvesteringar.

Tabell 3. Relativ fordeling på energitype av nokre hovudtal (1974)

	Kol	Olje	Elektrisitet	Sum
Direkte energiforbruk i norsk produksjon og sluttlevering	3,5	74,8	21,7	100
Norsk bruttoforbruk av energi	8,0	66,3	25,7	100
Netto innalandsk forbruk av energi	11,5	49,3	39,2	100
Energiforbruk gjennom offentleg konsum	5,1	63,3	31,6	100
Energiforbruk gjennom privat konsum	5,7	53,4	40,9	100
Energiforbruk gjennom realinvesteringar	23,5	38,4	38,1	100
Energiforbruk gjennom lagerinvesteringar ¹⁾ ...	8,5	44,7	46,8	100

1) Sjå note til tabell 2.

Tabell 3 gir fordelinga på energitypane av viktige postar i tabell 2. Vi legg merke til at realinvesteringane indirekte bruker mykje kol. Det er skip og maskinar (stål) som utgjer mesteparten av denne posten.

Tabell 4. Import/eksportbalanse for energi. 1974

	Kol TJ	Olje TJ	Elektrisitet TJ	Sum TJ
Norsk bruttoforbruk	133 138	1 109 128	430 512	1 672 778
Norsk energiproduksjon	8 948	71 888	276 197	357 033
Brutto energiimport	124 190	1 037 240	151 315	1 315 745
Direkte og indirekte energieksport	65 733	819 768	200 849	1 086 350
Importoverskot av energi	58 457	217 472	-49 534	229 395

I 1974 (før oljeproduksjonen i Nordsjøen starta for fullt) hadde vi ein netto energiimport som tilsvarte nesten 5,5 millioner tonn råolje dersom ein reknar om etter det teoretiske energiinnhaldet. Vår eigen energiproduksjon tilsvarte då 8,5 millioner tonn råolje etter same omrekningsmåten. Sjølforsyningssgraden på energi var 65 prosent (= den andelen av energiforbruk til norske sluttleveringar som er produsert med norske naturressursar).

Tabell 5. Import og eksport av energi gjennom handel (utanom import/eksport av kol, olje og elektrisitet). 1974

	Kol TJ	Olje TJ	Elektrisitet TJ	Sum TJ
Indirekte energiimport	88 901	157 392	154 089	400 382
Indirekte energieksport ^{x)}	60 922	143 959	174 913	379 794
Importoverskot av energi i varebytet ^{x)}	27 979	13 433	-20 824	20 588

x) Utanom utariks sjøfart.

Det er ein vanleg påstand at Norge er nettoeksportør av energi gjennom handelen. Argumentet er bruker då, at den kraftkrevjande industrien eksporterer mesteparten av produkta. Vi ser at rett nok er dette sant når det gjeld elektrisitet sett isolert, men importoverskotet for dei andre energitypane meir enn veg opp dette. Det er små tal det her er snakk om, så grovt rekna kan ein seie at handelen balanserte rekna i energi. (Dersom handelen hadde balansert i kroner, ville vi nok fått eit eksportoverskot rekna i energi med same prisar og same samansetninga av eksporten og importen som i 1974.)

Tabell 6. Kryssløpskorrigerte energikoeffisientar
for Norge. 1974

ENERGI FORBRUK I SEKTOREN TJ	ENERGIKOEFFISIENTAR TJ/MILL KR					
	TOTALT (NORSK+IMPORT)				GJENNOM IMPORT	GJENNOM KAP.- SLIT
	KOL	OLJE	ELEKTR- ISITET	I ALT		
OFFENTLIG KONSUM						
STATS- OG TRYGDDEFORVALTNINGEN						
2182110007 HJELPEVIRKSOMHET FOR LANDTRANSPORT, "	2403.7	0.632	1.675	1.164	3.471	1.993
2184010007 HJELPEVIRKSOMHET FOR SJØFART, "	125.4	0.116	0.948	0.318	1.381	0.449
2184510007 LUFTTRANSPORT, "	69.0	0.083	1.631	0.359	2.073	0.439
2191010914 OFFENTLIG ADMINISTRASJON, "	6356.2	0.079	1.180	0.689	1.948	0.549
2191510023 FORSVAR, "	20393.2	0.213	3.913	1.090	5.216	1.492
2192510036 UNDERSKNINGSVIRKSOMHET, "	2921.1	0.043	1.093	0.634	1.770	0.391
2193010446 HELSE- OG VETERINÆRTJENESTER, "	509.8	0.078	0.750	0.807	1.635	0.642
2194110007 INTERESSEORG. IDEOLOGISKE OG KULT. ORG., "	159.6	0.055	0.570	0.681	1.306	0.223
2199110034 ANDRE PRODUKSJONSSEKTORE, "	614.9	0.063	1.561	0.823	2.447	0.473
KOMMUNEFORVALTNINGEN						
2282110007 HJELPEVIRKSOMHET FOR LANDTRANSPORT, "	4034.2	0.562	2.127	1.753	4.442	1.887
2291010036 OFFENTLIG ADMINISTRASJON, "	3766.4	0.049	1.202	0.627	1.878	0.373
2292010034 RENOVASJON OG RENGJØRING, "	1172.9	0.218	8.014	1.107	9.339	0.760
2292510036 UNDERSKNING OG FORSKNINGSVIRKSOMHET, "	7221.6	0.046	0.762	0.602	1.411	0.307
2293010034 HELSE- OG VETERINÆRTJENESTER, "	2186.5	0.080	0.655	0.800	1.535	0.555
2293510007 SOSIAL OMSORG OG VELFERDSARBEID, "	1543.6	0.054	0.997	0.845	1.896	0.410
2294110007 INTERESSEORG. OG ANDRE ORG., "	607.1	0.327	2.297	0.808	3.432	0.851
2295010007 KULTURELL TJ.YTING, UNDERHOLDNING SPORT	567.2	0.142	0.913	0.918	1.972	0.582
PRIVAT KONSUM	333349.6	0.275	2.583	1.975	4.833	1.559
MJØL OG GRYN M.V. VARER AV POTETER	1466.2	0.121	3.295	1.285	4.701	2.666
BAKERVARER	4172.6	0.101	1.927	1.139	3.167	1.414
3390310201 KJØTT, KJØTTVARER OG EGG	15724.7	0.115	2.489	1.479	4.082	1.502
FISK OG FISKEVARER	3596.5	0.148	3.343	0.730	4.222	1.086
3390510201 KJØTT- OG FISKEHERMETIKK	1582.1	0.146	2.553	1.156	3.856	1.448
3390610211 MJØLK, FLØTE, HERMETISK MJØLK OG MJØLKEP.	11588.7	0.262	5.478	2.917	8.657	2.720
3390710212 OST	3396.0	0.184	3.656	1.934	5.774	1.950
3390810213 SMØR	1210.8	0.193	4.041	2.182	6.416	2.099
3390910245 MARGARIN, SPISEOLJE O.L.	2143.0	0.171	4.510	1.466	6.147	3.680
3391010111 FRISKE GRØNSAKER	1828.5	0.116	3.037	1.071	4.225	1.742
3391110106 FRISK FRUKT	4477.3	0.116	2.977	1.064	4.158	2.565
3391210215 TØRKET FRUKT, FRISKE BÆR OG KONSERVERT FRUKT OG GRØNNSAKER	3729.1	0.146	2.461	1.006	3.612	1.989
3391310111 POTETER	1348.7	0.120	3.450	1.163	4.732	1.405
3391410260 KAKAO OG SJOKOLADE, DROPS O.L.	2247.1	0.132	1.564	0.843	2.539	1.544
3391510266 SUKKER, KAFFE, TE, ISKREM OG ANDRE MATVARER	7655.8	0.137	2.869	1.104	4.110	2.661
3391610285 SELTERS BRUS O.L.	2157.0	0.138	2.034	1.034	3.206	1.358
3391710280 ØL	1937.5	0.091	1.233	0.739	2.063	0.664
3391810275 VIN, BRENNVIN OG SPRIT	1771.1	0.092	0.644	0.338	1.073	0.728
3391910290 TOBAKK	2938.7	0.064	1.134	0.477	1.675	1.024
3392010333 BEKLEDNINGSSARTIKLER	11418.6	0.138	1.510	0.861	2.508	1.732
3392110300 TØYER OG GARN	2027.7	0.212	2.026	1.166	3.404	2.459
3392210350 SKOTØY OG SKOREPARASJONER	2815.6	0.167	1.498	0.903	2.568	1.736
3392310885 BOLIG	6367.0	0.120	0.422	0.384	0.926	0.384
3392410685 ELEKTRISITET	69996.7	0.253	0.330	41.551	42.134	0.323
3392510468 BRENSEL	38034.4	11.292	47.651	1.162	60.105	6.514
3392610375 MØBLER, GULVTEPPER OG UTSTYRSVARER ELLERS	9814.9	0.281	1.762	1.264	3.306	2.243
3392710591 ELEKTRISKE HUSHOLDSAPPARATER, KJØKENRENDSKAPER, GLASS OG DEKKETØY	6697.0	0.803	1.867	2.010	4.680	3.722
3392810961 DIVERSE HUSHOLDN.ART. OG TJENESTER, FORSIKRING AV INNBO OG LØSRE	2573.7	0.390	1.676	1.206	3.272	2.082
3392910965 LEID HJELP TIL HJEMMET	18.2	0.001	0.014	0.012	0.026	0.005
3393010930 HELSEPLEIE	9370.2	0.090	0.826	0.765	1.681	0.677
3393110651 KJØP AV EGNE TRANSPORTMIDLER	6375.2	0.601	1.059	1.024	2.684	2.119
3393210161 BENZIN OG OLJE	33305.6	-0.246	20.332	0.248	20.334	1.121
3393310956 ANDRE UTG.TIL EGNE TRANSPORTMIDLER	2552.8	0.236	1.198	1.043	2.477	1.745
3393410806 BRUK AV OFF. TRANSPORTMIDLER	13505.5	0.112	5.867	0.800	6.779	0.744
3393510861 PORTO, TELEFON OG TELEGRAMMER	1283.7	0.143	0.641	0.589	1.374	0.554
3393610610 TV- OG RADIODOTTAKERE	1210.5	0.112	0.851	0.538	1.501	0.793
3393710681 SPORTSUTSTYR, LEKETØY, GRAMMOPONPL.M.V.	6765.5	0.357	2.006	1.456	3.819	2.543
3393810950 OFF. FOREST-TV-OG RADIOSERIES, LOTTERI M.V.	1055.8	0.076	0.449	0.518	1.043	0.541
3393910416 BØKER OG AVISER	2637.4	0.079	1.624	1.042	2.745	0.973
3394010417 UKEBLAAD OG TIDSSKRIFT, SKRIVEMATERIELL	1319.2	0.105	1.902	1.401	3.409	1.618
3394110925 SKOLEGANG	953.2	0.106	1.898	1.123	3.127	0.783
3394210446 KOSMETISKE PREPARATER, TANKKREM	1451.5	0.264	1.841	0.947	3.051	1.981
3394310961 HÅRPL.SJKØNNH.PL TOALETTSRPE M.V.	2086.9	0.240	1.534	1.362	3.135	1.687
3394410681 REISEEFFEKTER, SMYKKER, UR OG ANDRE VARER	3226.0	0.320	1.683	1.420	3.423	2.843
3394510762 RESTPANTER, HOTELLER, SELSKAPSREISER O.L.	5911.0	0.148	1.380	0.935	2.463	0.894
3394610876 TJENESTER FRA FORSIKRING OG ANDRE TJ.	3203.6	0.089	0.843	0.879	1.811	0.483
3399110066 REISETRAFIKK, NORSKE TURISTER I UTLANDET	9772.1	0.234	2.326	1.822	4.381	4.381
3399110067 NORSKE SJØFOLKS KONSUM I UTLANDET	2628.8	0.234	2.326	1.822	4.381	0.543

Tabell 6 (framh.).

ENERGI FØRBRUK I SEKTOREN TJ	ENERGIKØEFFISIENTAR TJ/MILL KR					
	TOTALT (NORSK+IMPORT)				GJENNOM IMPORT	GJENNOM KAP- SLIT
	KOL	OLJE	ELEKTR- ISITET	I ALT		
INVESTERINGER						
2050110129 ENDRING I HUSDYRBESTAND, LIVDÝR	191979.0	0.992	1.622	1.610	4.224	3.108
2051110700 BOLIGBYGG	-106.4	0.130	3.241	1.949	5.320	1.944
2051210700 FRITIDSBYGG	24659.9	0.700	1.856	1.289	3.845	2.208
2051310700 BOLIGBRAKKER, KOIER, RORBUER O.L.	1521.3	0.620	1.643	1.142	3.404	1.955
2052110700 DRIFTSBYGG FOR JORDBR. SKOGBR. OG FISKE	16.3	0.744	1.971	1.370	4.085	2.346
2052210700 OFF.-BYGG FOR UNDREV, HELSE-OG SOSIALT ARB	3288.6	0.744	1.971	1.370	4.085	2.346
2052310700 ANDRE OFF.-DRIFTSBYGG	7661.4	0.733	1.943	1.350	4.027	2.312
2052410700 ANDRE DR.-BYGG(IND.-BYGG OG ANLEGG M.M.)	2907.4	0.626	1.658	1.152	3.436	1.973
2053110700 GRUNNFORBEDRINGER I JORD- OG SKOGBRUK	14738.2	0.655	1.734	1.205	3.594	2.064
2053210700 BERGVERKS- OG INDUSTRIANLEGG	660.5	0.537	1.434	0.996	2.967	1.699
2053310700 ELEKTRISITETSANLEGG	1315.0	0.658	1.745	1.212	3.616	2.076
2053410700 VEIANLEGG	5020.7	0.658	1.744	1.212	3.615	2.076
2053510700 ANDRE OFF. ANLEGG	7440.4	0.700	1.855	1.289	3.843	2.207
2053610700 ANDRE ANLEGG (KOMMUNIKASJONSANL.)	2210.9	0.690	1.828	1.270	3.788	2.175
2053710062 OLJE-OG GASSRØRL. MED LANDINST. OG PUMP.	3746.1	0.648	1.718	1.194	3.560	2.044
2053810717 OLJEBORING OG ANDRE UTGIFTER TIL OLJEL.	7170.2	0.987	1.614	1.567	4.169	3.991
2054110630 SKIP	322.3	0.058	0.232	0.088	0.378	0.333
2054110629 SKIPSREPASJONER	41984.7	1.571	1.576	2.248	5.394	5.059
2054210630 FISKERÅTER, REDNINGSSKOYTER, BERGINGSÅTER	817.2	1.497	1.689	2.262	5.448	5.483
2055010654 FLY	1596.2	0.735	1.342	1.438	3.515	2.909
2056110651 PERSONBILER OG STASJONSVOGNER	1078.2	0.711	1.596	1.989	4.296	4.224
2056210654 BUSSER	3251.2	0.680	1.046	1.042	2.768	2.269
2056310654 LASTEBILER, VAREBILER, SPESIALBILER M.M.	439.7	0.499	1.270	1.455	3.224	2.783
2057010645 RULLENDE MATERIELL	3708.2	0.475	1.183	1.335	2.993	2.524
2058110578 LANDBRUKS- OG SKOGBRUKSMASK. OG REDSKAP	398.4	0.422	1.538	1.269	3.229	1.899
2058210321 FISKEREDSKAP	3761.4	1.266	1.606	1.865	4.737	4.160
2058310580 MASK. FOR BERGV. DR. IND. BYGGE- OG ANL.	975.0	0.376	2.353	1.689	4.418	3.066
2058410681 INVENTAR KONTORMASK. FOR BERGV. DR. IND.	17542.2	1.222	1.484	1.898	4.604	4.051
2058510605 TEKN. UTSTYR FOR ELEKTR. OG GASSVERK	1849.4	0.669	1.547	1.888	4.104	3.453
2058610610 MASKINER OG INVENTAR FOR TJ. YTENDE OG OFF-SIVILE SEKTØRER	2174.5	1.040	1.434	1.787	4.261	3.614
2058710581 OLJEBOREPLATTFORMER	7980.4	0.416	1.416	1.275	3.107	2.309
2058810060 OLJEUTV. ANLEGG PL. FORMER AV STÅL	7680.3	2.200	1.352	2.612	6.164	3.979
2058810581 OLJEUTV. ANLEGG PL. FORMER AV BETONG	14169.1	2.500	1.950	2.950	7.399	4.318
2058810584 OLJEUTV. ANLEGG USPES. UTG. IMPORT	0.0	2.200	1.352	2.612	6.164	2.740
2058810584 OLJEUTV. ANLEGG USPES. UTG. IMPORT	0.0	2.200	1.352	2.612	6.164	2.740
EKSPORT						
7112510102 EKSPORT AV VARER IKKE NEVNT NEDENFOR	1086350.0	1.183	14.751	3.614	19.549	2.447
7112510111 ANDRE PLANTEPRODUKTER I JORDBRUK	2285.1	0.160	1.858	0.985	3.003	1.073
7112510129 ANDRE HUSDYRPRODUKTER I JORDBRUK	45.1	0.141	5.127	1.567	6.834	1.859
7112510142 SKOGRÅDKUTER M.V.	1118.7	0.130	3.256	1.958	5.345	1.953
7112510150 FISK M.V.	19.9	0.048	0.769	0.111	0.928	0.210
7112510166 RÅOLJE M.V.	492.2	0.191	6.160	0.337	6.688	1.015
7112510167 NATURGASS	84616.1	0.176	0.270	0.331	0.2777	0.776
7112510170 KULL, SVOVELKIS, KOPPERMALM OG ANNEN MALM	0.	0.	0.	0.	0.	0.
7112510176 STEIN, GRUS, SAND, IKKE-METALLISKE MIN. M.V.	6090.2	3.538	4.655	4.163	12.356	1.483
7112510201 KJØTT, KJØTTVARER OG KJØTTHERMETIKK	653.7	0.073	2.708	1.275	4.055	0.629
7112510211 MJØLK, FLØTE M.V.	305.3	0.113	2.891	1.736	4.740	1.614
7112510212 OST	102.8	0.168	3.666	1.941	5.775	1.807
7112510213 SMØR	1053.5	0.169	3.642	1.908	5.719	1.830
7112510215 KONSERVER AV FRUKT OG GRØNNSAKER	17.7	0.249	5.376	2.817	8.442	2.701
7112510220 FISKEVARER	34.3	0.240	3.006	1.395	4.640	2.381
7112510225 FISKEHERMETIKK	9628.7	0.169	4.799	0.932	5.900	1.117
7112510230 FISKEOLJER OG FISKEMJØL	1270.6	0.268	4.091	1.263	5.622	1.961
7112510235 VEGETABILSKE OLJER	9073.0	0.208	11.614	0.818	12.640	1.229
7112510240 RAFFINERTE OG HERDEDE ANIMALSKE OLJER	1169.6	0.074	3.367	1.043	4.485	3.923
7112510245 MARGARIN M.V.	5660.0	0.257	11.832	1.945	14.034	6.953
7112510255 BAKERVARER	310.0	0.147	4.658	1.382	6.187	3.894
7112510260 SJOKOLADE OG SUKKER VARER	112.8	0.116	2.487	1.484	4.087	1.746
7112510266 ANDRE NÆRINGSMLDLER	124.9	0.214	2.579	1.383	4.176	2.280
7112510275 BRENNEVIN OG VIN	438.9	0.189	4.386	1.413	5.987	3.674
7112510280 ØL	125.9	0.848	5.069	2.587	8.504	5.363
7112510290 TOBAKKSVARER	89.8	0.188	2.720	1.676	4.583	1.267
7112510295 GARN	87.6	0.175	3.914	1.386	5.474	3.730
7112510300 VEVNADER	401.5	0.368	3.131	1.942	5.441	3.449
7112510305 TEKSTILVARER UNTATT KLÆR	928.0	0.265	3.664	1.849	5.778	2.818
7112510310 TRIKOTASJEVARER	200.4	0.212	2.455	1.542	4.209	2.978
7112510321 GOLVTEPPER, TAUVERK OLJEDE OG BEL.-TEKST.	504.5	0.237	2.314	1.385	3.935	2.497
7112510333 YTTERTØY, SKJORTER, UNDERTØY M.V.	426.8	0.396	2.493	1.837	4.726	3.321
7112510346 LÅR, LÅR- OG SKINNV. KLÆR AV SKINN M.V.	139.0	0.123	1.612	0.877	2.612	1.732
7112510350 SKOTØY	380.8	0.215	2.229	1.304	3.748	1.881
7112510355 TRELAST	97.7	0.159	1.752	1.042	2.953	1.844
7112510360 SØPONPLATER	541.5	0.042	1.129	0.657	1.829	0.314
7112510365 MONTERINGSFERDIGE TREHUS	579.6	0.363	5.303	2.722	8.388	2.749
7112510370 BYGNINGSARTIKLER OG ANDRE REVARER	280.3	0.224	1.496	0.942	2.662	1.171
7112510375 MØBLER OG INNREDNING AV TRE	178.1	0.373	1.762	1.323	3.457	1.692
	647.8	0.178	2.062	1.247	3.487	1.614

Tabell 6 (framh.).

ENERGI FORBRUK I SEKTØREN TJ	ENERGIKoeffisientar TJ/MILL KR						
	TOTALT(NORSK+IMPORT)				GJENNOM KAP.- SLIT		
	KOL	OLJE	ELEKTR. ISITET	I ALT			
7112510380 TREMASSE	4222.1	0.105	1.744	6.646	8.495	0.540	0.505
7112510385 CELLULOSE	8876.6	0.276	7.300	3.127	10.702	1.732	0.807
7112510390 PAPIR OG PAPP	24100.0	0.190	6.174	5.487	11.851	2.501	0.924
7112510395 TREFIBERPLATER	605.4	0.281	6.525	5.549	12.355	1.029	0.907
7112510400 EMBALLASJE OG ANDRE PAPIR- OG PAPPVARER	743.5	0.133	3.349	2.520	6.001	2.539	0.591
7112510416 FORLEGGING AV BØKER	76.1	0.088	1.875	1.288	3.251	1.044	0.498
7112510417 UKEBLADER OG ANDRE TRYKKSAKER	57.6	0.098	1.866	1.290	3.254	1.061	0.498
7112510420 KJEMISKE GRUNNSTOFFER	12720.0	4.471	7.251	10.289	22.011	4.746	0.759
7112510425 KUNSTGJØDSEL OG PLANTEVERNIMIDLER	28744.5	0.099	18.919	12.342	31.360	1.842	1.087
7112510430 BASISPLAST OG KUNSTFIBRE	7471.7	1.738	7.338	5.384	14.460	8.944	0.664
7112510435 MALING OG LAKK	875.7	1.200	4.236	2.703	8.139	5.684	0.506
7112510446 FARMASOYTISKE PREP-VASKEM-OG TOALETTPR.	800.9	0.540	3.434	1.731	5.704	3.220	0.602
7112510450 SPRENGSTOFF OG AMMUNISJON	919.3	0.547	3.585	3.147	7.279	3.536	1.051
7112510455 ANDRE KJEMISK-TEKNISKE PRODUKTER	584.5	0.668	4.456	2.200	7.324	3.478	0.595
7112510161 BENGIN	18026.6	-1.277	68.569	0.300	67.591	1.722	4.446
7112510164 FYRINGSOLJER O.L.	75105.5	0.261	98.130	0.497	98.888	1.929	3.926
7112510468 ANDRE JORDOLJE- OG KULLPRODUKTER	2061.0	17.574	4.609	2.860	25.043	5.109	0.104
7112510470 GUMMIPRODUKTER	636.3	0.245	2.661	1.550	4.456	2.135	0.814
7112510475 PLASTVARER	2709.3	0.657	3.401	2.658	6.716	5.304	0.439
7112510486 KERAMIKK, GLASS OG GLASSVARER	716.5	0.476	4.799	3.236	8.510	2.522	0.620
7112510495 SEMENT OG KALK	3292.5	0.258	29.171	3.496	32.925	1.126	0.956
7112510501 TEGLVARER, BETONG OG BETONGVARER	375.4	1.021	8.583	1.875	11.480	2.060	0.570
7112510505 BEARBEIDD STEIN OG ANDRE JORD- OG STEINV	779.5	1.337	5.604	1.857	8.799	1.865	0.625
7112510510 JERN OG STÅL	17532.6	8.851	3.076	8.125	20.051	6.212	0.698
7112510515 FERROLEGERINGER	53932.4	13.074	1.710	13.279	28.063	3.593	0.417
7112510520 STØPERIOPRODUKTER	1373.8	0.757	2.090	2.678	5.524	0.187	0.518
7112510525 ALUMINIUM	61141.0	2.617	3.706	20.065	26.388	7.540	0.697
7112510530 ANDRE IKKE-JERNHOLDIGE METALLER	34262.0	1.673	5.945	9.322	16.940	11.001	0.824
7112510535 VALSE- OG STØPEPROD. AV IKKE-JERNH. MET.	4623.0	1.299	2.599	9.191	13.089	7.439	0.638
7112510544 HUSHOLDNINGSAKTLER M.V.	1055.8	1.365	1.837	3.174	6.376	4.653	0.568
7112510555 METALLKONSTRUKSJONER	1033.5	2.654	1.906	3.359	7.919	6.860	0.430
7112510566 METALLEMB., -DUK, -TRÅD, SPIKER OG SKRUER	1133.0	2.576	1.991	3.901	8.468	6.931	0.593
7112510570 RØRARMATUR, BELYSNINGSUTSTYR METALLVARER	1959.8	1.597	1.857	2.598	6.053	5.128	0.504
7112510575 JORDBRUKS- OG KRAFTMASKINER	1489.0	1.894	1.808	2.356	6.058	4.687	0.486
7112510580 INDUSTRI OG ANLEGGSMASKINER	2325.0	1.870	1.714	2.408	5.992	4.922	0.403
7112510581 STALPLATT.F. OG BORESKIP FOR OLJEUTV.	0.0	2.200	1.352	2.612	6.164	2.740	0.411
7112510584 BETONGPLATT.F. OG -KONSTR. FOR OLJEUTV.	0.0	2.200	1.352	2.612	6.164	2.740	0.411
7112510591 KONTOR- OG HUSHOLDNINGSMASKINER	1671.9	1.379	1.899	2.695	5.973	4.584	0.543
7112510600 ANDRE MASKINER M.V.	3894.1	1.451	1.644	2.112	5.207	4.015	0.362
7112510605 EL.MOTORER OG MATERIELL FOR EL.PROD.	1497.9	0.949	1.512	2.025	4.486	3.233	0.474
7112510610 SIGNAL-, RADIO- OG ANNEN TELEMATERIELL	894.5	0.147	0.770	0.575	1.491	0.884	0.238
7112510615 ELEKTRISKE HUSHOLDNINGSSAPPARATER	1460.8	1.882	1.877	2.998	6.757	5.477	0.491
7112510620 ELEKTRISK KABEL OG LEDNING	1276.7	0.697	2.085	4.034	6.816	4.207	0.414
7112510625 ANDRE ELEKTRISKE APPARATER OG MATERIELL	302.9	0.202	2.612	2.922	5.736	3.711	0.484
7112510635 BÅTER OG BÅTPAREASJONER	1294.5	0.817	2.520	2.250	5.587	3.977	0.455
7112510640 SKIPS- OG BÅTMOTORER M.V.	1034.0	1.325	1.439	2.057	4.820	4.091	0.422
7112510654 ANDRE MOTORKJØRETØYER, SYKLER, FLY M.V.	1514.0	0.717	1.596	2.001	4.315	2.818	0.398
7112510681 INSTR.GULL- OG SØLVVARER, SPORTSART.M.V.	1258.6	0.322	1.584	2.103	4.010	2.811	0.414
7112510685 ELEKTRISITET M.V.	22985.6	0.298	0.389	67.865	68.552	0.359	1.446
7110310630 SKIP	11170.1	1.649	1.593	2.320	5.563	4.546	0.413
7110510830 BRUTTOFRAKTER OPPTJENT I UTLANDET	515914.2	0.160	24.546	0.278	24.984	0.604	1.322
7110610802 GODSTRANSPORT MED JERNBANE O.L.	378.3	0.214	2.151	2.400	4.764	0.806	1.537
7110610845 LUFTTRANSPORT	1174.1	-0.065	10.490	0.307	10.732	0.686	1.339
7110710845 PASSASJERFRAKTER, LUFTFART OG JERNBANE	3844.4	-0.065	10.490	0.307	10.732	0.686	1.339
7110810840 HAVNEVESEN O.L.	222.7	0.076	0.723	0.301	1.100	0.403	0.491
7110810842 SKIPSEKSPEDISJON, LASTING OG LOSSING	104.5	0.076	0.723	0.301	1.100	0.403	0.491
7110810852 ANDRE TJENESTER, TRANSPORT OG LAGRING	367.7	0.099	1.598	0.773	2.470	0.576	0.374
7110810856 POSTTJENESTER	27.4	0.062	1.468	1.011	2.541	0.373	0.361
7110810861 TELETJENESTER	89.3	0.179	0.623	0.623	1.425	0.637	0.846
7110910876 FORSIKRINGSTJENESTER	93.0	0.024	0.542	0.552	1.117	0.322	0.282
7111210915 OFF. FORV., GEBYRER FYR- OG LOSVESEN	560.3	0.194	3.868	1.055	5.117	1.402	0.404
7111210924 OFF. FORV., GEBYRER LUFTTRANSPORT	3.3	0.038	0.872	0.599	1.509	0.299	0.389
7111210841 OFF. FORV., GEBYRER FOSRVAR	31.8	0.108	0.916	0.300	1.324	0.413	0.409
7111210850 OFF. FORV., ANDRE GEBYRER	60.6	0.073	1.597	0.337	2.007	0.393	0.419
7111310018 ANDRE TJENESTER	124.8	0.426	1.099	1.049	2.573	1.666	0.332
7111310080 HONORARER OG DIV. ANDRE TJENESTER	1998.9	0.211	1.282	0.762	2.255	0.880	0.402
7111310629 SKIPSREPARASJONER M.V.	745.8	1.497	1.689	2.262	5.448	4.359	0.411
7111310720 PROVISJONER, BRUKTE KONSUMVARER	2514.9	0.139	1.637	0.912	2.689	0.816	0.587
7111310906 UTLIEIE AV MASKINER OG USTYR	864.4	0.094	0.880	0.720	1.694	0.499	0.238
7111310925 UNDERVERSING OG FORSKNING	80.7	0.128	2.240	1.298	3.666	0.944	0.795
7111310654 REPARASJON AV MOTORKJ. SYKLER OG FLY	171.7	0.717	1.596	2.001	4.315	2.792	0.398
7112010717 BRUTTOINNT.BORING ETTER OLJE OG GASS	127.6	0.058	0.232	0.088	0.378	0.126	0.066
BRUTTONASJONALPRODUKTET (MINUS LAGERINVESTERING)	1666331.0	0.694	5.787	2.236	8.716	2.094	0.691

Tabell 6, 5. kolonne, gir dei eigentlege resultata av analysen: Dei kryssløpskorrigerte energikoeffisientane. Hovudtolkinga av dei er: Når "vi" bruker 1 000 kroner til å "kjøpe" ei shuttlelevering, "kjøper" vi samtidig x GJ i direkte og indirekte energiforbruk. Kolonne 5 omfattar ikkje kapitalslitet. Dersom ein også vil ha det med, må ein legge saman kolonne 5 og kolonne 7. Orda "vi" og "kjøper" må tolkast nokså vidt, i og med at shuttlelevering også omfattar offentleg konsum. Offentleg konsum (21 og 22-konti) er ein reknesakskonstruksjon og kan ikkje observerast, og er dermed vanskeleg å kjøpe. Metodane som blei brukt til å fordele energiforbruket mellom desse sektorane var også dei grøvst tenkjelege, så tala er usikre og tolkinga uklar. (Merk: GJ/1 000 kr = TJ/mill.kr.)

Ein er på mykje tryggare grunn både m.o.t. nøyaktighet og tolking når det gjeld dei andre shuttleleveringskategoriane.

For det private konsumet (33-konti) har eg fått til dels nokså overraskande resultat. Når ein ser bort frå elektrisitet, fyringsoljar, bensin og kol, er rangeringa etter energiintensitet slik:

- 1 Mjølk, fløte o.l.
- 2 Bruk av off. transportmiddel
- 3 Smør
- 4 Margarin
- 5 Ost
- 6 Poteter
- 7 Mjøl og gryn

Vi ser at jordbruksprodukta dominerer. Ein grunn til at mjøl, gryn og poteter har kome så langt opp på lista, er at MODIS ikkje skil mellom vekthusproduksjon og frilandsproduksjon av plante-produkt i jordbruket, og at vi får all planteproduksjon med ein slags gjennomsnittsteknologi.

Skattestrukturen vil også verke inn på dette biletet ved at varer som er sterkt subsidierte, t.d. mjølk, vil bli meir energiintensive pr. krone. Subsidiane set oss i stand til å kjøpe meir energi pr. krone.

Det motsette vil sjølsagt også gjelde. Skattlagde varer blir mindre energiintensive enn dei elles ville ha vore.

Dei minst energiintensive konsumpostane er:

- 1 Leigd hjelp til heimen
- 2 Bustad (bruk av bustad - husleige)
- 3 Offentlege framsyningar, radio og TV-lisens osb.
- 4 Vin, brennevin og sprit
- 5 Porto, telefon og telegram
- 6 TV- og radiomottakarar
- 7 Tobakk
- 8 Forsikring o.a. tenester

Vi ser at dette anten er tenester eller skattlagde varer. TV- og radiomottakarar har moderate særskattar, så resultatet er litt overraskande.

